



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 5.mai 2020

Til medlemmane i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 2/20  
**TID:** 12.05.2020 kl. 09:30  
**STED:** Fjernmøte, (Teams)

### SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 11/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.FEBRUAR 2020
PS 12/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 13/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 14/20	EVENTUELT

Møtet vil, som ei følgje av restriksjonar i samband med Covid-19 viruset, foregå som fjernmøte i Teams. Dette er regulert i midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-13-277?q=fjernmøte>

Lenke til møte i Teams vi bli sendt medlemmane og møtedeltakarane saman møteinnkallinga som vert sendt ut 05.05.2020.

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert å melde på tlf. 71 11 14 52, evt. mobil 99160260.  
E-post: [sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:sveinung.talberg@kontrollutvalgromsdal.no)

Varamedlemmer vert innkallt etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)  
leiar

Sveinung Talberg (s)  
rådgjevar

**Kopi:**

Ordfører

Kommunedirektør

Møre og Romsdal Revisjon



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1547/02  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Sveinung Talberg  
Dato: 04.05.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvasssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 11/20	Kontrollutvalet	12.05.2020

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.FEBRUAR 2020**

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 18.februar 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt.  
Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Sveinung Talberg  
Rådgjevar



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/20
Møtedato:	18.02.2020
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 16.20
Møtestad:	Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	01/20 – 10/20
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim, nestleiar (V) Kristian Onsøyen (Sp) til kl. 1500 (perm.), sak 01/20-09/20 Grant Solem (Frp)
Forfall:	Anita Hoøy Rekkavik (Ap)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Wilhelm Andersen (Ap)
Frå sekretariatet:	Sveinung Talberg, rådgjevar
Frå revisjonen:	Ronny Rishaug, Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor (sak 03/20)
Av øvrige møtte:	Ingrid Husøy Rimstad, kommunedirektør (sak 03/20, 06/20, 09/20) Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef (sak 03/20, 06/20, 09/20) Wenche Strand, Leiar barnevernstenesta for Molde, Vestnes, Aukra (sak 09/20) Marianne Bolghaug, Pedagogisk rådgjevar (sak 09/20) Erna Varhaugvik, Økonomisjef (sak 09/20) Siri Halvorsen, Einingsleiar institusjonstenester (sak 09/20) Nina K. Tomren, Einingsleiar heimetenester (sak 09/20)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet. Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Under handsaming av sak 10/20 om «Henvending til kontrollutvalet v/leiar» ba Oddbjørg Sporsheim om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e), 2. Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Verken vurdering og vedtak om habilitet eller realitetshandsaming av saka vart gjennomført då kontrollutvalet ikkje var vedtaksført då eitt medlem forlet møtet før handsaminga.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.NOVEMBER 2019
PS 02/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/20	REVISJONENS RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FRÅ INTERIMREVISJONEN REKNESKAPSREVISJON FOR 2019 – AUKRA KOMMUNE

PS 04/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2019-2023 - STATUSRAPPORT FRÅ REVISJONEN OG INNSPEL FRÅ KONTROLLUTVALET
PS 05/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023 - STATUSRAPPORT FRÅ REVISJONEN OG INNSPEL FRÅ KONTROLLUTVALET
PS 06/20	KOMMUNEDIREKTØREN SI PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN «BRUKERMEDVIRKNING I PLEIE OG OMSORG»
PS 07/20	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2020-2023
PS 08/20	MØTEPLAN OG ARBEIDSPPLAN 2020 - KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE
PS 09/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 10/20	EVENTUELT

<b>PS 01/20</b>	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.NOVEMBER 2019</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 18.november 2019 vert godkjent.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Protokollen frå møtet vart sendt ut til medlemmane etter møtet. Det framkom ikkje merknader til protokollen.

Til å signere protokollen frå 18.november 2019 vart valt:

1. Kristian Onsøyen
2. Grant Solem

Leiar fremma forslag om at protokollen frå møtet 18.november 2019 vert godkjent og at Kristian Onsøyen og Grant Solem blir valt til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fattet einstemmig vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding:**

Protokollen frå møte 18.november 2019 vert godkjend.

<b>PS 02/20</b>	<b>REFERAT OG ORIENTERINGAR</b>
-----------------	---------------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

## Kontrollutvalet si handsaming

### Referatsaker:

- RS 01/20      **PS 80/19 - Økonomirapportering pr. 31.08.2019**  
Innkalling og protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- RS 02/20      **PS 82/19 - Rapportering finansforvaltning 31.08.2019**  
Innkalling og protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- RS 03/20      **PS 83/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport "Brukermedvirkning i pleie og omsorg"**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- RS 04/20      **PS 84/19 - Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2015-2019.**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- RS 05/20      **PS 85/19 - Reglement for Kontrollutvalet i Aukra**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- RS 06/20      **PS 122/19 - Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Aukra kommune 2020**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 19.12.2019 (vedlagt)
- RS 07/20      **PS 115/19 - Helhetlig ROS-analyse -endelig versjon**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 19.12.2019 (vedlagt)
- RS 08/20      **PS 5/20 - Tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen 2018-2019**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 06.02.2020 (vedlagt)
- RS 09/20      **PS 8/20 - Bygging/utvikling av heiltidskultur i Aukra kommune 2020 – 2023**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 06.02.2020 (vedlagt)
- RS 10/20      **Orienteringssaker**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 06.02.2020 (vedlagt)
- RS 11/20      **Grunngjeve spørsmål**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 06.02.2020 (vedlagt)
- RS 12/20      **Innkalling til møte i AMU 27.11.2019** (vedlagt)
- RS 13/20      **Protokoll frå møte i AMU 27.11.2019** (vedlagt).
- RS 14/20      **Innkalling til møte i AMU 12.02.2020** (vedlagt)

Kontrollutvalet ser ikkje lenger behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokumenta i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument. Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokumenta til utvalet.

### Orienteringssaker:

- OS 01/20      **PS 78/19 - Møteprotokoll kontrollutvalet 25.09.19**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 18.11.2019 (vedlagt)
- OS 02/20      **PS 115/19 - Møteprotokoll Kontrollutvalet 18.11.19**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 19.12.2019 (vedlagt)

OS 03/20 **Oppfølging av politiske vedtak**  
Liste over vedtak gjort i Aukra formannskap i 2019 som ikkje er iverksett pr.  
08.01.2020 (vedlagt)

OS 04/20 **Opplæring for nytt kontrollutval** (vedlagt)  
Orientering v/Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal  
Stikkord for opplæringa: økonomi, påsjå-ansvaret overfor revisjon

Ein gjennomgang av dokumentet vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

<b>PS 03/20</b>	<b>REVISJONENS RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FRÅ INTERIMREVISJONEN REKNESKAPSREVISJON FOR 2019 – AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport frå interimsrevisjonen til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor gjekk igjennom og presenterte rapporten som ikkje var sendt ut til kontrollutvalet før møtet då den kom sekretariatet i hende på møtedagen.

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering og ser at kommunen på einskilde område som td. Korreksjons- /endringsbilag, innkjøp, finans, sal og attestasjonar har forbettringspotensial.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport frå interimsrevisjonen til orientering.

<b>PS 04/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SI VERKSEMD OG VERKSEMD I SELSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2019-2023 - STATUSRAPPORT FRÅ REVISJONEN OG INNSPEL FRÅ KONTROLLUTVALET</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Revisjonen melder tilbake til møtet at det så vidt er starta eit arbeid, men at det i samanheng med rekneskapsavlegging, KOSTRA-rapportering og årsmelding vil bli meir tilgjengeleg dokumentasjon å arbeide vidare med.

Det var ingen forvaltningsrevisor tilstades i møtet, men kontrollutvalet anbefalte at det rekneskapsrevisor rapporterte i møtet burde vere med vidare i arbeidet. Rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor bør difor utveksle denne informasjonen.

Kontrollutvalet gjekk inn på dei sektorovergripande områda som var skissert i møte 18.11.2019 frå forvaltningsrevisor. Videre kontrollutvalets saker på oppfølgingslista og kommunedirektøren sitt svar til møtet. Dette var gode innspel i det vidare arbeidet.

Moment å undersøke vidare er:

Oversikt og system for vedlikehald av bygg og anlegg. Korleis avvikssystemet fungerer: Om det er forstått, brukt og evaluert. Openheitskulturen i Aukra kommune: Korleis fungerer heimesida og postlista. Korleis verkar arkivsystemet. Digitalisering og e-handel. Korleis verkar opplysning og veileding i td. klagesaker. Korleis er rammeavtalene kommunen har brukt og er dei kjent. Er regleverket om offentleg støtte kjent og brukt. Er regleverket kring etikk og varsling kjent. Informasjonstryggleik. Korleis fungerer AMU når det gjeld saker relatert til arbeidsmiljø.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet.

<b>PS 05/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV AUKRA KOMMUNE SINE EIGARSKAP - SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023 - STATUSRAPPORT FRÅ REVISJONEN OG INNSPEL FRÅ KONTROLLUTVALET</b>
-----------------	---

## **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Revisjonen melder tilbake til møtet at det så vidt er starta eit arbeid. Det var ingen forvaltningsrevisor tilstades i møtet. Forvaltningsrevisor og kontrollutvalssekretær vil ha eit koordineringsmøte måndag 24.02.2020. Kontrollutvalet såg litt på dei eigarskap kommunen har og som var oppe i møtet 18.11.2019. Det kan vere aktuelt å sjå litt nærare på dei selskap som yt tenester til kommunen. Som eksempel vart nemt Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) IKS. Det vart der gjennomført ein selskapskontroll av kontrollutvalet i Aukra i 2011. Kontrollutvalet ønskjer at sekretariatet gjennomfører ein selskapsgjennomgang av RIR til neste møte i kontrollutvalet.



Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet.

<b>PS 06/20</b>	<b>KOMMUNEDIREKTØREN SI PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN «BRUKERMEDVIRKNING I PLEIE OG OMSORG»</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande og følgjer opp saka vidare ved å sette den på oppfølgingslista.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Kommunedirektør hadde sendt kontrollutvalet eit svar på kva plan kommunen hadde for å følgje opp anbefalingane. Dette låg ved saka som vart sendt ut. I møtet gjorde einingsleiar institusjonstenester og einingsleiar heimetenester greie for plana og svara på spørsmål frå utvalet. Det kunne sjå ut til at ein la opp til lang tid før tiltak var planlagt sett i verk, men dette vart attendevist. Ein vil sette i verk tiltak allereie i 2020, men at evaluering av effektane først kan målast og vurderast lenger fram i tid. Det vart opplyst at tiltaka vert sett i verk ut frå lokale tilhøve og frå 01.12.2020. Det vart også opplyst at det vert eit statleg tilsyn på Aukraheimen i september 2020.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande og følgjer opp saka vidare ved å sette den på oppfølgingslista.

<b>PS 07/20</b>	<b>PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2020-2023</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Plan for kontrollutvalets verksemd 2020-2023 vert godkjent.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Plan for kontrollutvalets verksemd 2020-2023 vert godkjent.

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet vedtek møteplan for 2020 slik ho ligg føre i saksframlegget.

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2020, med dei endringar som kjem fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet vel ikkje spesifikke medlemar til å følgje opp dei einskild politiske utvala.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet vedtek møteplan for 2020 slik ho ligg føre i saksframlegget.

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2020, med dei endringar som kjem fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Følgjande ny sak vert ført opp på oppfølgingslista: Kommunedirektøren si plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport brukermedvirkning i pleie og omsorg.

**Oppfølging av politiske vedtak**

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

**18.02.20:** Kontrollutvalet vil følgje opp vidare saka om «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» som vart lagt ut på høyring med høyringsfrist 11.10.19 i sitt neste møte.

### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

**18.02.20:** Utvalet fekk i dagens møte framlagt inkalling og protokoll frå AMU i referatsak 12/20, 13/20 og 14/20. Kontrollutvalet vedtok i sak 02/20 at kontrollutvalet ikkje lenger ser behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokumenta i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument. Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokumenta til utvalet.

### Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

**18.02.20:** Kontrollutvalet vart orientert om barnevernstenesta for Molde, Aukra og Vestnes i møtet frå einingsleiar. Eininga består av 5 leiarar, 28 fagstillingar, 7 utøvande, 2 mottak og 3 kontor/ merkantil. Barnevernlovas formålsparagraf § 1-1 seier at barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet driv med forebyggande arbeid, eks. skoleteam, meldingar, mottak og vurderingar. Vidare undersøkingar, tiltak, omsorgsovertakingar og ettervern. Einingssleiar innleia med å fokusere på kvar terskelen for å melde saker til barnevernet går. Kva kan barnevernet gjere for å gjere det forebyggande arbeidet betre i einingane? Antal meldingar i heile den interkommunale barnevernstenesta i 2019 fram til og med november var 364 nye meldingar. I tillegg kjem melding i aktive saker. Gjennomsnitt på 33 meldingar per mnd totalt for heile tenesta. For Aukra er antal meldingar siste halvår 2019 på 21. Antal nye undersøkingar siste halvår 2019 var på 11. Fristbrudd undersøkingar siste halvår 2019 var på 1. Dette utgjer utgjør 7 %. Nasjonalt vert det henlagt 66% av undersøkingar. Ein ligg bra an på rapportering frå forrige halvår ifht fristbrudd, men ein ser no tendensar til fleire fristbrudd,

Einingsleiar var bekymra for kapasiteten i barnevernet og at alvorsheten i sakene som kjem til barnevernet blir større. Ein har faste møter kvar veke med politiet. Barnevernet har stort behov for kompetanse og kompetanseauke. Barnevernet har ikkje budsjett til å drive denne kompetanseauken og må søke eksterne løysingar hos Kristiansund kommune og økonomiske midlar hos Fylkesmannen for å få dette til. Ein har no tilsette i utdanningspermisjon og ein er i grenseland kapasitetsmessig. Ei anna bekymring er det høge sjukefråveret. Det ligg på ca. 17 %. Med knappe ressursar føler nok sakshandsamarane eit stress på det ein ikkje får gjort og at dette resulterer i sjukemeldingar. Einingsleiar held no fokuset på at dei tilsette skal vere tilstades i jobb. Ein er no i ein omstillingsfase organisasjonsmessig. Ein skal også på sikt overta nye oppgåver knytt til fosterheimsfunksjon der ein skal ivareta veiledarrolla og den forebyggande verksemda. Ei anna utfordring er at ein ikkje har ein lokal beredskapsheim i det interkommunale samarbeidet. Ein må ofte reise langt for å oppnå dette. Trenden ein ser no er at ein stor prosent av arbeidet går ifht, vald,

overgrep og rus. Eksempelvis i november 2019 var det av dei 54 meldingane ein mottokk nytta 12 til vald og 20 relatert til rus.

### **Grunnskoleområdet**

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

**18.02.20:** Kontrollutvalet vart orientert om tilstandsrapporten skule og barnehage 2018-2019 i møtet av pedagogisk rådgjevar. Opplæringslova § 13-10 er heimel for rapporteringa. Det vert rapportert på læringsresultat, miljø og fråfall. Det er eit pålegg om at desse områda skal følgjast opp med evt. tiltak. Dette skal drøftast av skoleeigar, som er kommunestyret. I Aukra blir rapportane drøfta i kommunestyret. Etter lovheimelen er det berre på skuleområdet det er pålegg om rapportering, men Aukra har valt å inkludere barnehageområdet også. Dette har samanheng med tidleg innsats, overgang frå barnehage til skule. Det er like krav i barnehage og skule: Utvikling, læring progresjon. Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Det er dei same barna i ulik alder.

I Stortingsmelding 6, 2019-2020 er det krav om 43 % barnehagelærar. På sikt er det krav til pedagogisk bemanning til minimum å vere 50%. Aukra kommune er det i dag ei dekning på 30 % barnehagelærarar.

Elevane vert møtt med lærar i 94% av alle undervisningstimar. Det er færre elevar per lærar i Aukraskolen enn fylket og landet. Det er fleire elevar per lærar i Aukra enn kommunegruppe 16.

Foreldre i barnehagen og elevar i skolen er nøgde med tilstanden. Nasjonale prøver (lesing og rekning) ga varierende resultat. Skriftleg eksamen 2018/2019 var under nasjonalt snitt. Grunnskolepoeng 2018/2019 var over/på nasjonalt snitt. Overgang til vidaregåande skole synte at alle 2018 elevar er i vidaregåande opplæring hausten 2019. Aukra har gode økonomiske rammer i barnehage og skule. Utfordringar framover blir å sikre rekruttering av pedagogar og arbeide for å behalde dei ein har. Som oftast får ein dispensasjon frå utdanningskrava. Kvart år det ufaglærte som tek etterutdanning og vert kvalifisert. Ein har lukkast med å få assistentar til å bli fagarbeidarar og behalde dei. Ein har også kompetansenettverk Romsdal som gjer at ein ta etter- og vidareutdanning lokalt.

Aukra er langt framme i satsinga og forbygging mot mobbing.

Når det gjeld spesialundervisning syner alle tal at nok timar er det einaste som nyttar. God spesialundervisning nyttar. Av 73 elevar som har spesialundervisning er det 38 elevar som mottek mellom 76-190 timar pr. år. Berre 12 elevar har mellom 1-75 timar pr. år.

Det vart spurt korleis ein kan måle utvikling over tid. Korleis ein kan følgje elevane. Tilstandsrapporten gjev ikkje svar på dette. Kanskje kjem det krav om å måle progresjon i ny opplæringslov. Ein god barnehage gjer ein forskjell når barn skal inn i skulen.

### **Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune**

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

**18.11.19:** Kontrollutvalet drøfta i møte 02.10.18 i sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. Kontrollutvalet drøfta også i sak RS 40/19 ei tettare oppfølging av AMU samt at utvalet i 2020 vil vurdere eit versemidsbesøk hos Aukraheimen.

**18.02.20:** Ingen statusendring.

### **Informasjonssikkerheit**

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

**18.02.20:** Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.

### **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande område:

- Tiltak for etterleving av regelverket
- Anskaffingar etter regelverket
- Bruk av rammeavtalar
- Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

**18.02.20:** Kontrollutvalet vart orientert om status i oppfølging av anbefalingane i møtet frå økonomisjef. Ein kom inn på anbefalingane og kor langt kommunen er komen. Økonomiavdelinga har fått styrka sine ressursar med 30% til å følgje opp dette ansvarsområdet og halde kontakt med ROR innkjøp. Kapasitet på økonomiavdeling elles har ført til at dette arbeidet har vorte skadelidande. Framdrifta i oppfølginga av forvaltningsrevisjonen har derfor ikkje kome so langt som ein hadde ønskt. Kontrollutvalet registrerer likevel gjennom presentasjonen at kommunen har gjort grep på fleire område, men at ein ikkje tek ut gevinstane som ligg i e-handel. Kommunen har eit mål om at 90 % av alle innkjøp skal skje via e-handel, men at ein berre klarer 6 %. Kontrollutvalet uttrykker bekymring for framdrifta med oppfølging av anbefalingane og ønskjer å underrette kommunestyret om dette.

### **Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter**

Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.

**18.11.19:** Leiar i pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i møte 06.05.19 jf. Sak OS 10/19. Kontrollutvalet vil følge med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen. Kontrollutvalet stiller i dagens møte spørsmål ved om kommuneadministrasjonen møter på møter i pårørandeforeininga? Er det blitt sendt skriftlege henvendingar frå pårørandeforeininga til kommunen på saker? Har pårørandeforeininga sendt skriftlege klager til kommunen?

**18.02.20:** Kontrollutvalet vart i møtet orientert om status frå einingsleiar institusjonstenester. Det er avvika eitt opent pårørandemøte hittil i år. Etter nyval har det ikkje vore møte. Det er ikkje motteke skriftlege klager frå pårørandeforeininga. Det vart spurt om avvik, avviksmengd og handtering. Det vart svara at Pleie og omsorg står for 50-70 % av alle avvik i kommunen. Det er ulike typer avvik. Statlege tilsyn har fokus på avvik og avvikshandtering. Avvik blir løyst på lågaste nivå. Avvik blir brukt til noko positivt.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det mange orienteringar frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista. Fleire orienteringar må utsetjast til neste møte.

Det vart sett fram forslag om å føre opp ei ny sak opp på oppfølgingslista, jf. sak PS 06/20. Det var ikkje fremma forslag om å avslutte saker på oppfølgingslista.

Følgjande ny sak vert ført opp på oppfølgingslista: Kommunedirektøren si plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport brukermedvirkning i pleie og omsorg.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding til vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 10/20</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

### **Mitt første møte med eldreomsorgen i Aukra kommune**

Kontrollutvalet har motteke eit brev datert 3.9.2019 frå ein pårørande til ein brukar, vedlagt eit varsel om falsk journalføring.

### **Kontrollutvalet si behandling i møte 25.09.2019**

Då brevet inneheld teiepliktig informasjon jf. FVL. § 13 1. ledd pkt 1. jf. off.l. § 13 vart det framsett forslag om å lukke møtet under gjennomgang av informasjonen og møtebehandlinga, jf. Kommunelova § 31 pkt. 2.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med forslag om å lukke møtet under handsaming av saka (5 voterande)

Sekretariatet delte ut brevet og det vart satt av tid til gjennomlesing.

Det vart diskutert innhaldet og utvalet var einig om at dette var ei sak som kontrollutvalet burde følgje opp vidare. Utvalet diskuterte framgangsmåte.

### Konklusjon

1. Kontrollutvalet bed rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding om
  - Korleis er varsel om falsk journalføring, datert 3.9.2019 handtert?
  - Kva tiltak er foreslått?
  - Kven har handtert varselet?

I tillegg ønskjer kontrollutvalet at det nye utvalet får ein presentasjon/demonstrasjon av avvikssystemet som kommunen nyttar.

2. Sekretariatet, i samarbeid med utvalsleiar, sikrar at den pårørande som kontakta kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakemelding som inneheld følgjande:
  - Informasjon om kva kontrollutvalet har bede rådmannen om i forhold til handtering av varselet.
  - Spørsmål om informasjonen i brevet er formidla til tenesteytarane, då dette er nyttig informasjon som dei bør vere kjent med.
  - Informasjon om forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg»
  - Informasjon om høve til å klage på helsetenester.

Sekretær samla inn papira for makulering og møtet vart opna att.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.11.2019**

Den 30.09.2019 sendte kontrollutvalet i Aukra kommune svar til den som henvendte seg til kontrollutvalet 03.09.2019 der det vart gjort greie for kontrollutvalet si handsaming 25.09.2019. Det vart også vist til klagerett på vedtak om tenester og dei rettar ein som pårørande har etter lovverket.

Den 18.10.2019 sendte kontrollutvalssekretariatet for Romsdal brev til rådmannen og bad om svar på dei spørsmål som var sett fram i møtet 25.09.2019.

Den 12.11.2019 mottok kontrollutvalssekretariatet for Romsdal svar frå rådmannen datert 05.11.2019. Dette kom i hende etter at sakene til utvalet var sendt ut. Leiar har fått kopi av svaret og teke stilling til svaret. Svaret, og korrespondanse i saka var kopiert opp og teke med til møtet også av di saka var ukjend for delar av det nyvalte kontrollutvalet.

Kontrollutvalet avsto frå vidare behandling i dette møtet, men framsatte forslag om at ein vil ha svar på om rådmannen har svart ut brevet som vart sendt til kommunen frå den pårørande den 3.9.2019 og kva som er svart ut. Kva rutiner har kommunen for å svare ut slike henvendingar?

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Kommunedirektøren har svart ut spørsmåla i epost og brev datert 08.01.20 (vedlegg)

## **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet avsluttar saka med svaret som er gitt frå kommunedirektøren 08.01.2020.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

## **Henvending til kontrollutvalet v/leiar**

Kontrollutvalet v/leiar har fått ei henvending frå 2 innbyggjarar som ber om ein samtale med kontrollutvalet i Aukra kommune.

## **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.11.2019**

Det vart fremma eit samla forslag om at kontrollutvalet v/leiar og kontrollutvalssekretær får mynde til å gjennomføre samtalen på vegne av kontrollutvalet. Leiar informerer om at ein slik samtale da vil skje når møtet i kontrollutvalet 18.11.2019 er ferdig.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Kontrollutvalet sin leiar og sekretær var etter møtet 18.11.2019 på besøk hos eigarane og tiltakshavarane av gnr. 10/19 i Juvikvegen 47. Der vart det gjennomgått dokumentasjon i ei byggesak mellom tiltakshavarane på og Aukra kommune. På bakgrunn av denne gjennomgangen ba leiar om at sekretær fekk innsyn i saksdokumenta hos Aukra kommune. Sekretær henvendte seg i epost 9.12.2019 til Aukra kommune der kontrollutvalet ber om innsyn i alle dokument i sak 2017/269 som angår gnr. 10 bnr. 19. Aukra kommune svarte den 11.12.2019 der dei oversendte all dokumentasjon dei har registrert i saka. På bakgrunn av sekretæren sin gjennomgang av denne dokumentasjonen, hadde sekretæren nokre spørsmål i saka. Disse vart oversendt Aukra kommune 11.12.2019. Den 24.01.2020 svarar sakshandsamar på spørsmål i epost. Den 08.01.2020 henvender tiltakshavarane seg pr. telefon til sekretær og spør kva dei skal foreta seg i saka. Sekretær svarar i epost 08.01.2020 at ein ber tiltakshavarane ta saka og prosessen vidare uavhengig av kontrollutvalet si handsaming av saka i møtet 18.02.2020. Ein opplyser også at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan, og ikkje ser på enkeltsaker spesielt, men at henvendingar og enkeltsaker kan bli brukt som bakgrunn for å undersøke om sakshandsaming og rutiner er tilfredsstillande i kommunen. Den 09.01.2020 sender sekretær all dokumentasjon i saka til tiltakshavarane slik at ein kan sjekke ut om all dokumentasjon er ført i saka. Den 11.01.2020 svarar tiltakshavarane at det manglar ein del dokumentasjon i saka, i alt 6 dokument.

Sekretariatet legg med desse opplysningane saka fram for kontrollutvalet for handsaming.

## **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Oddbjørg Sporsheim om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e), 2. Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Verken vurdering og vedtak om habilitet eller realitetshandsaming av saka vart gjennomført då kontrollutvalet ikkje var vedtaksført då eitt medlem forlet møtet før handsaminga.



Saka utsett til neste møte.

### **Verksemdsbesøk/orientering frå einingsleiar**

I kontrollutvalet sin møteplan er det sett av tid til besøk i ei kommunal verksemd. Alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje informasjon om si eining. Utvalet sine medlemmar handsama i møte 18.11.2019 i sak PS 36/19 oppfølgingslista der ein under saka om «Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune» vart det framsett forslag om at utvalet i 2020 vil vurdere eit verksemdsbesøk hos Aukraheimen.

I kontrollutvalget si arbeidsplan for 2020 i sak PS 08/20 er det under temaet oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga sett opp eit verksemdsbesøk hos Aukraheimen i samband med utvalet sitt møte 12.05.2020.

Ein bør difor i dette møtet stadfeste dette og konkretisere tema og spørsmål ein ønskjer å få svar på.

Det er i arbeidsplana også sett opp moglegheit for eit verksemdsbesøk i samband med møtet 22.09.2020.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet ønskjer i samband med neste møte 12.05.2020 å gjennomføre eit verksemdsbesøk hos Aukraheimen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

### **Sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole gnr.1 bnr.298**

Formannskapet handsama i møte 27.01.2019, sak 11/20 sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole. Saka vart ettersendt til Formannskapet sitt møte. Kontrollutvalet sin leiar reagerte på måten saka var handsama og lagt fram på. På denne bakgrunn vart det sendt ein epost til Formannskapet frå leiar i kontrollutvalet før saka kom til handsaming.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Det var reist spørsmål om Grant Solem sin habilitet då han er leigetakar på eigedomen. Han vart erklært habil av medlemane i kontrollutvalet.

Det vart framsett forslag om at kontrollutvalet følgjer saka vidare ved å følgje opp Formannskapet si handsaming av saka.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

### **Invitasjon til opplæringsdag for kontrollutval v/Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 17.3.2020**

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal inviterer kvart år til ein opplæringsdag for sine kontrollutval. I år er konferansen lagt til 17.03.2020 på Alexandra Hotell i Molde. Det er ønskjeleg at flest mogleg av kontrollutvala sine medlemmer deltek på opplæringsdagen. Viser til utsendt epost med info frå dagleg leiar i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal og

vedlegg til denne saka med program.

En legg med dette saka fram for vurdering om deltaking frå kontrollutvalet i Aukra.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Dei av medlemmane som har høve til å delta, melder seg på sjølve.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

### **Invitasjon til Forum for kontroll og tilsyn sin kontrollutvalgslederskole 21.4.-22.4.2020**

Forum for Kontroll og Tilsyns (FKT) formål er å vere ein møte- og kompetanseplass for menneske som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommunar, Sametinget og fylkeskommunar. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) vart stifta i 22. november 2005. Organisasjonen har per 1.1 2020 130 kommunar og 4 fylkeskommunar som medlemmer. Aukra kommune er i dag medlemskommune. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er også medlem.

For første gong skal FKT arrangere eit eige opplæringsopplegg for kontrollutvalsleiarar.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet i Aukra kommune deltek ikkje på FKT sin kontrollutvalsleiararskule.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

### **FKT sin fagkonferanse og årsmøte 3.6.-4.6.2020**

Syner til orientering om FKT som organisasjon i ovannemte sak. Kwart år arrangerer FKT fagkonferanse for kontrollutval og deira sekretariat der ein set søkelyset på saker og problemstillingar som er aktuelle for kommunale kontrollutval. I 2020 vil FKT ha ulike innlegg om korleis det er å vere ny i kontrollutvalet, forventningar fra blant annet ordførar og rådmann.

Årsmøtet vert avheldt isamband med fagkonferansen om ettermiddagen 3. juni.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet i Aukra kommune deltek på FKT sin fagkonferanse med følgjande deltakarar:

1. Grant Solem
  2. Anita Hoøy Rekkavik.
- Reserve: Kristian Onsøyen.

Kontrollutvalssekretariatet sørgjer for påmelding.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Oddvar Hoksnes  
leiar

Oddbjørg  
Sporsheim  
nestleiar

Kristian Onsøyen  
medlem

Grant Solem  
medlem

Wilhelm Andersen  
varamedlem

Sveinung Talberg  
sekretær



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1547/02  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Sveinung Talberg  
Dato: 04.05.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 12/20	Kontrollutvalet	12.05.2020

**REFERAT OG ORIENTERINGAR**

**Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Bakgrunn for saka**

**Referatsaker:**

- RS 15/20     **PS 11/20 - Melding om ferdig planprosjekt: Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 16/20     **PS 13/20 Organisering av Tøndergård skole og ressurscenter**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 17/20     **PS 14/20 Opplysning av Møre og Romsdal revisjon IKS, og etablering av Møre og Romsdal revisjon SA**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 18/20     **PS 15/20 Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023**  
Særutskrift frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- RS 19/20     **PS 21/20 Høyring: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 02.04.2020 (vedlagt)
- RS 20/20     **Årsrapport for 2019 - Skatteoppkreveren i Aukra kommune** (vedlagt)
- RS 21/20     **Kontrollrapport frå Skatteetaten - vedkomande skatteoppkrevjaren for Aukra kommune** (vedlagt)
- RS 22/20     **Informasjonsskriv nr. 6/2020 fra NKRF – uttalelser og rapporter fra revisor**  
(vedlagt)
- RS 23/20     **Protokoll frå møte 02.03.20 i styret for kontrollutvalgssekertariatet for Romsdal**  
(vedlagt)
- RS 24/20     **Protokoll frå møte 01.04.20 i styret for kontrollutvalgssekertariatet for Romsdal**  
(vedlagt)

**Orienteringssaker:**

- OS 05/20      **RS 10/20 - Møteprotokoll kontrollutvalet 18.02.2020**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 04.03.2020 (vedlagt)
- OS 06/20      **Oversendt Aukra kommunestyre 23.04.20 – orienteringar frå kontrollutvalet**  
(vedlagt)

Sveinung Talberg  
Rådgjevar

**Votering**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

**Formannskapet innstilling**

Kommunestyret vedtek ekstraløyve på kr 2.9 mill kr for realisering av hovudvassledning Rød-Rindarøya.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunestyret vedtek ekstraløyve på kr 2.9 mill kr for realisering av hovudvassledning Rød-Rindarøya

**11/20 Melding om ferdig planprosjekt: Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	24.02.2020	13/20
2 Kommunestyret	04.03.2020	11/20

**Møtebehandling i Kommunestyret 04.03.2020:****Møtebehandling**

Prosjektansvarleg Geir Gaarder frå Miljøfaglig Utredning AS orienterte.

**Votering**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

**Kommunestyrets vedtak**

1. Aukra kommunestyre tek Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen til vitande.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med oppfølgings- / gjennomføringsplanar med utgangspunkt i ovannemnde planar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med revisjon av vernskogforskrifta i Aukra kommune.

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

## **Formannskapet har behandla saka i møte 24.02.2020 sak 13/20**

### **Møtebehandling**

Tilrådinga frå kommunedirektøren.

### **Votering**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

### **Formannskapetets innstilling**

1. Aukra kommunestyre tek Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen til vitande.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med oppfølgings- / gjennomføringsplanar med utgangspunkt i ovannemnde planar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med revisjon av vernskogforskrifta i Aukra kommune.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Aukra kommunestyre tek Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen til vitande.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med oppfølgings- / gjennomføringsplanar med utgangspunkt i ovannemnde planar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med revisjon av vernskogforskrifta i Aukra kommune.

## **12/20 Utbyggingsavtale Kobbavika Panorama, mellom Aukra kommune og Byggspesialisten A. Hammerø AS**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	24.02.2020	14/20

			<p>med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p> <p><b>20.11.17:</b> Sekretær gjekk gjennom lista, som det ikkje var tid til å gjennomgå i førre møte. Utvalet har merka seg at rådmannen <b>ikkje har følgd oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge status for oppfølging av politiske vedtak inn i tertialrapporteringa til kommunestyret som fast post.</b></p> <p><b>15.02.18:</b> Kontrollutvalet hadde til dagens møte, jf. sak 06/18, fått framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. Det er 3 saker knytt til Drift og arealutvalet som er naturleg ikkje er avslutta. Sak om skogrydding knytt til vedtak i kommunestyret i 2013 er ikkje sett i verk. Rådmannen vil følge opp saka. Når det gjeld oversikt over oppfølging av vedtak i tertialrapporteringa, så opplyser rådmannen at ho ikkje vil følge oppmodinga om dette. Rådmannen vil sørge for at det vert lagt fram sak om vedtak som ikkje er følgd opp i same møte som tertialrapportane.</p> <p><b>15.03.18:</b> Utvalet ønskjer i møte 3.5.18 svar frå rådmannen om korleis saka om skogrydding vert følgd opp. Det er også ønskjeleg at skogbruksfagleg kompetanse er tilstades i møte for å orientere og svare på spørsmål.</p> <p><b>08.05.18:</b> Utvalet fekk i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Utvalet ønskjer at det i merknadsfeltet vert gjeve konkret informasjon om status. Fagsjef plan, Kjell Lode, orienterte kontrollutvalet i dagens møte, jf. OS 04/18. Det blir no lagt fram sak for kommunestyret der det blir skissert vidare handtering av skogryddingssaka.</p> <p><b>10.12.18:</b> Nestleiar Ole Rakvåg opplyste at det er lagt inn midlar til Forvaltningsplan skog i budsjettet.</p> <p><b>01.04.19:</b> Staus for vedtaksoppfølging vart lagt fram i dagens møte, jf. RS 17/19. Kontrollutvalet stiller spørsmål om kva konsulenten skal gjere knytt til skogryddingssaka, samt kvifor klima, miljø og energiplanen ikkje er revidert i 2018 som opplyst.</p> <p><b>06.05.19:</b> Gerd Nerbøvik orienterte utvalet om at det no er gjort</p>
--	--	--	--

			<p>avtale med Miljøfaglig Utredning AS på Tingvoll om å lage ein rapport som skal bestå av to delar; 1. Forvaltningsplan for Aukraskogen, 2. Gjennomgang av leplanting. Det vert arrangert møte med store grunneigarar og det skal inviterast til eit folkemøte rett over ferien. Arbeidet skal vere avslutta i løpet av august.</p> <p><b>25.09.19:</b> Sekretær opplyste at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» vart lagt ut på høyring etter at møtedokumenta var sendt ut, med høyringsfrist 11.10.19.</p> <p><b>18.11.19:</b> Kontrollutvalet vil følgje opp vidare saka om «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» som vart lagt ut på høyring med høyringsfrist 11.10.19.</p> <p><b>07.01.20:</b> Epost frå servicekontoret: Sender vedlagt liste over vedtak gjort i Aukra formannskap i 2019 som ikkje er iverksett pr. d.d. Alle andre politiske vedtak er no satt til iverksett.</p> <p><b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet vil følgje opp vidare saka om «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» som vart lagt ut på høyring med høyringsfrist 11.10.19 i sitt neste møte.</p>
<p>14.06.17 <b>Arbeidsmiljøutvalet (AMU)</b> Ansvar: Adm./sekr./</p>	<p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p>	<p><b>18.02.20:</b> Om verneomboda kan, jf. arbeidsmiljølova, velje nye faste medleamar og varamedleamar frå arbeidstakersida slik det står i vedtaket i saka til AMU 18.09.19, sak PS 21/19.</p>	<p><b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.</p> <p><b>27.09.17:</b> Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p><b>20.11.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei orientering om resultatet frå arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.</p> <p><b>15.02.18:</b> Rådmannen ønskjer ikkje at møteinnkallingar og protokollar frå AMU sine møter vert publisert på kommunen si heimeside, men kontrollutvalet vil få tilsendt møteinnkallingar og protokollar.</p> <p><b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer at det vert protokollert om dei</p>

			<p>som møter i AMU stiller frå arbeidsgjevar- eller arbeidstakersida. Kontrollutvalet vil sende eit brev til AMU om deira oppfølging av arbeidet i AMU.</p> <p><b>01.04.19:</b> Utvalet fekk framlagt protokoll frå møte i AMU 20.02.19. Protokollen viste at AMU behandla brevet som vart sendt frå kontrollutvalet. Vedtak: AMU tek dokumentet til vitande og vil jobbe for at fleire saker får meir konkrete vedtakspunkt.</p> <p><b>25.09.19:</b> Utvalet fekk i dagens møte framlagt møteinnkalling AMU 11.06.19 (RS 24/19), protokoll frå AMU 11.06.19 (RS 25/19) og møteinnkalling til AMU 26.09.19 (RS 32/19).</p> <p><b>18.11.19:</b> Utvalet fekk i dagens møte framlagt protokoll frå AMU 18.09.19 (RS 40/19). Det vart frå Wilhelm Andersen reist spørsmål til sak PS 21/19 om verneomboda kan, jf. arbeidsmiljølova, velje nye faste medlemmar og varamedlemmar frå arbeidstakersida slik det står i vedtaket i saka til AMU.</p> <p><b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Organisasjons- og personalsjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p><b>18.02.20:</b> Utvalet fekk i dagens møte framlagt innkalling og protokoll frå AMU i referatsak 12/20, 13/20 og 14/20. Kontrollutvalet vedtok i sak 02/20 at kontrollutvalet ikkje lenger ser behov for at utvalet handsamar sakene i AMU som referatsaker, men at utvalet sine medlemmer får tilsendt møtedokument i AMU når kommunen sender ut sine møtedokument. Kontrollutvalssekretariatet sender møtedokument i AMU til utvalet.</p>
<p>14.06.17 <b>Barnevernstenester</b>  Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune</p>	<p><b>18.02.20:</b> Statusoppdatering frå barnevernsteneta.</p>	<p><b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.</p> <p><b>27.09.17:</b> Utvalet fekk ei statusopp-datering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.</p> <p><b>08.05.18:</b> Rådmannen skal delta i årleg statusmøte med barnevernstenesta 1. juni. I møte vil ein m.a. ta opp KOSTRA-tala</p>

	<p>har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.</p> <p>Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>		<p>som viser at Aukra ligg dårlegare enn vertskommunen. Rådmannen vil gje tilbakemelding til utvalet etter statusmøte.</p> <p><b>14.06.18:</b> Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko.</p> <p><b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet fekk i dagens møte, jf. RS 34/18 framlagt Barnevernstenesta si rapportering for Aukra kommune 1. halvår 2018. Utvalet ønskjer at rådmannen undersøker, og gjev tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.</p> <p><b>25.02.19:</b> Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 01/19.</p> <p><b>01.04.19:</b> Under temaet Utanforskning orienterte barnevernsskurator Kristin Heggdal og fagsjef Gunn Nakken frå Barneverntjenesten utvalet om kva som er utfordringane for aukra kommune på barnevernsområdet og det vart gjeve ei beskriving av utviklinga på barnevernsområdet i Aukra kommune, jf. OS 05/19.</p> <p><b>18.11.19:</b> Kontrollutvalet er kjent med at tilsette i sentrale posisjonar i tenesta har slutta. Kontrollutvalet vil til neste møte be om ei orientering frå tenesta og rådmannen om status for tenesta.</p> <p><b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Einingsleiar barnevern vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p><b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet vart orientert om barnevernstenesta for Molde, Aukra og Vestnes i møtet frå einingsleiar. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.</p>	
15.02.18 <b>Grunnskoleområdet</b>	Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa,	<b>18.02.20:</b> Status på grunnskuleområdet og ei orientering om tilstandsrapporten for 2018.	<b>08.05.18:</b> Tilstandsrapporten er no klar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet i neste møte. Rådmannen informerer om at ho for neste år ønskjer å legge fram ein tilstandsrapport for heile oppvekstområdet.	

<p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønsker årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følge med på utvikling på området.</p>		<p><b>14.06.18:</b> Utvalet fekk framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18.  <b>18.11.19:</b> Utvalet fekk i møte 14.06.18 framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18. Kontrollutvalet ønsker til neste møte å få ein status på grunnskuleområdet og ei orientering om tilstandsrapporten for 2018 viss den føreligg.  <b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Einingsleiar barnevern vil svare ut saka i møtet 18.02.20.  <b>10.02.20:</b> Epost frå pedagogisk rådgjevar. Tilstandsrapporten for Aukrabarnhagen og Aukraskolen, 2018-2019, er handsama i Aukra kommunestyre den 6. februar. Saksprotokoll, saksframlegg og rapport er lagt ved denne e-posten.  <b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet vart orientert om tilstandsrapporten skule og barnehage 2018-2019 i møtet av pedagogisk rådgjevar. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.</p>
<p>15.02.18</p> <p><b>Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune</b></p> <p>Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også</p>	<p><b>20.02.20:</b> Vurdering om å gjennomføre eit verksemdsbesøk frå kontrollutvalet i neste møte.</p>	<p><b>15.02.18:</b> Kontrollutvalet fekk orientering i dagens møte, jf. OS 01/18, knytt til arbeidsmiljøprosjektet ved Aukraheimen.  <b>08.05.18:</b> Rådmannen opplyser at nye turnusar er på plass. Ein har fått på plass AMU for Institusjonstenestene og verneombod, men ein manglar framleis hovudtillitsvald for sjukepleiarane.  <b>14.06.18:</b> Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv.  <b>02.10.18:</b> Kontrollutvalet drøfta i dagens møte sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet.  <b>18.11.19:</b> Kontrollutvalet drøfta i møte 02.10.18 i sak 31/18 Eventuelt, nokre spm. stilt av utvalsmedlem Wilhelm Andersen knytt til omsorgssenteret. Utvalet konkluderer med at utvalet forstår det slik</p>

	utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.		at Administrasjonsutvalet følgjer opp situasjonen ved omsorgssenteret tett. Utvalet følgjer med på dette arbeidet. Kontrollutvalet drøfta også i sak RS 40/19 ei tettare oppfølging av AMU samt at utvalet i 2020 vil vurdere eit versemidsbesøk hos Aukraheimen. <b>18.02.20:</b> Ingen statusendring. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.
15.02.18 <b>Informasjonssikkerheit</b> Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).	<b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet ber kommunedirektøren, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette. Kontrollutvalet ber om ein statusrapport kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.	<b>15.02.18:</b> Kontrollutvalet fekk i dagens møte orientering knytt til oppfølging av attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering, jf. OS 02/18, <b>08.05.18:</b> Rådmannen opplyser at innføringa av GDPR er utsett til 01.07.2018. <b>10.12.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer i først møte i 2019 å få ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvern regelverk. <b>25.02.19:</b> Administrasjonen bad om at orienteringa vert utsett til neste møte. <b>01.04.19:</b> Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte utvalet jf. OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette. <b>18.11.19:</b> Servicesjef Aaslaug Søreide orienterte utvalet i møte 01.04.19 sak OS 06/19. Kontrollutvalet ber rådmannen, som ein del av prosjektet, legge fram ein plan for opplæring i GDPR for dei tilsette. Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane. <b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Servicesjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20. <b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.
10.12.18	Kontrollutvalet behandla i møte	<b>18.02.20:</b>	<b>10.12.18:</b> Utvalet ønskjer ein statusrapport frå arbeidet i første

<p><b>Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»</b></p> <p>Ansv.:Adm./sekr.</p>	<p>15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.</p> <p>Tilrådingane var knytt til følgjande områder:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Tiltak for etterleving av regelverket</li> <li>-Anskaffingar etter regelverket</li> <li>-Bruk av rammeavtalar</li> <li>-Organisering av området</li> </ul> <p>Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.</p>	<p>Kontrollutvalet ber om ein statusrapport kva som står igjen av arbeid med anbefalingane.</p>	<p>møte i 2019</p> <p><b>25.02.19:</b> Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 03/19. Utvalet ønskjer ei ny orientering i først møte hausten 2019.</p> <p><b>25.09.19:</b> Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 12/19.</p> <p><b>18.11.19:</b> Kontrollutvalet ber om ein statusrapport til neste møte og kva som står igjen av arbeid med anbefalingane. Utvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen i neste møte.</p> <p><b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Økonomisjef vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p><b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet vart orientert om status i oppfølging av anbefalingane i møtet frå økonomisjef. Ein kom inn på anbefalingane og kor langt kommunen er komen. Sjå protokoll frå KU-møte 18.02.20, sak 09/20.</p>
<p>06.05.19</p> <p><b>Innspel frå pårørende foreininga ved Aukra Omsorgssenter</b></p> <p>Ansv./Adm./foreininga/sekr.</p>	<p>Utvalet har blitt kontakta av leiar i pårørandeforeininga med ynskje om å få orientere kontrollutvalet om saker som dei har tatt opp /arbeider med i foreininga.</p>	<p><b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet stiller spørsmål ved om kommuneadministrasjonen møter på møter i pårørandeforeininga? Er det blitt sendt skriftlege henvendingar frå pårørandeforeininga til kommunen på saker? Har pårørandeforeininga sendt skriftlege klager til kommunen?</p>	<p><b>06.05.19:</b> Leiar i pårørandeforeininga ve Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen.</p> <p><b>18.11.19:</b> Leiar i pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter, Oddny Elin Ilestad orienterte utvalet i møte 06.05.19 jf. Sak OS 10/19. Kontrollutvalet vil følgje med på samarbeidet mellom pårørandeforeininga og administrasjonen. Kontrollutvalet stiller i dagens møte spørsmål ved om kommuneadministrasjonen møter på møter i pårørandeforeininga? Er det blitt sendt skriftlege</p>

			<p>henvendingar frå pårørandeforeininga til kommunen på saker? Har pårørandeforeininga sendt skriftlege klager til kommunen?</p> <p><b>08.01.20:</b> Epost frå kommunedirektør. Einingsleiar institusjonstenester og einingsleiar heimetenester vil svare ut saka i møtet 18.02.20.</p> <p><b>18.02.20:</b> Kontrollutvalet vart i møtet orientert om status frå einingsleiar institusjonstenester. Det er avvika eitt opent pårørandemøte hittil i år. Etter nyval har det ikkje vore møte. Det er ikkje motteke skriftlege klager frå pårørandeforeininga. Det vart spurt om avvik, avviksmengd og handtering. Det vart svara at Pleie og omsorg står for 50-70 % av alle avvik i kommunen. Det er ulike typer avvik. Statlege tilsyn har fokus på avvik og avvikshandtering. Avvik blir løyst på lågaste nivå. Avvik blir brukt til noko positivt.</p>
<p>18.02.20 <b>Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»</b></p>	<p>Forvaltningsrevisjonsrapporten Brukermedvirkning pleie og omsorg Aukra kommune, vart oversendt kontrollutvalet i Aukra datert 6.9.2019.</p> <p>Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 25.09.2019, sak 23/19 og sendte si innstilling til vedtak til kommunestyret som handsama rapporten i møte 19.11.19, sak 83/19.</p>	<p>Det vart der fatta følgjande vedtak:</p> <p>1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå kontrollutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen skal ha meir fokus på brukarmedverking ut mot tenesteytarane. Dei tilsette skal bli minna om kvar dei skriftlege prosedyrane er lagra og kva som er kommunen sin strategi for korleis brukarmedverking skal gjennomførast under den daglege utføringa av tenesta.</li> <li>• Kommunen skal vurdere om det er meir dei kan gjere for at brukarar og brukarorganisasjonar skal bli gitt enda meir medbestemming, i saker som ser ut til å vere viktig for dei.</li> </ul>	<p><b>15.01.20:</b> Sender kontrollutvalssekretariatet brev til kommunedirektøren der ein ba om attendemelding på oppfølging av vedtaket i kommunestyret.</p> <p><b>07.02.20:</b> Kommunedirektøren svarar på brevet frå kontrollutvalssekretariatet av 15.01.2020. Kommunen skisserer der ei plan for oppfølging og konkrete tiltak.</p> <p><b>18.02.20:</b> I møtet gjorde einingsleiar institusjonstenester og einingsleiar heimetenester greie for plana og svara på spørsmål frå utvalet. Det kunne sjå ut til at ein la opp til lang tid før tiltak var planlagt sett i verk, men dette vart attendevist. Ein vil sette i verk tiltak allereie i 2020, men at evaluering av effektane først kan målast og vurderast lenger fram i tid. Det vart opplyst at tiltaka vert sett i verk ut frå lokale tilhøve og frå 01.12.2020. Det vart også opplyst at det vert eit statleg tilsyn på Aukraheimen i september 2020. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande og følgjer opp saka vidare ved å sette den på oppfølgingslista.</p>



		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aukra kommune skal etablere eit system for innhenting av pasientar og brukarar sine erfaringar og synspunkt. Det vil vere nyttig for kommunen å gjennomføre brukarundersøking i pleie- og omsorg jamleg, for eksempel annakvart år.</li> <li>• Aukra kommune skal sikre at erfaringar frå brukarar, som er innhenta på systemnivå gjennom brukarundersøkingar, blir brukt til etterarbeid som har som mål å vidareutvikle og forbetre tenesta.</li> </ul> <p>2. Kommunestyret ber rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og på sjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>3. Kommunestyret ber rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt første møte i 2020.</p> <p>4. Det vert gjennomført ny brukarundersøking i Aukra, første halvår i 2020, institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta.</p> <p>5. Det vert gjennomført spørreundersøkelse blant pårørande for å verte kjent med deira tilfredsheit med institusjonstenesta, butenesta og heimetenesta i Aukra.</p>	
--	--	--	--



## Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 14/20	Kontrollutvalet	12.05.2020

### EVENTUELT

#### **1. Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse og årsmøte 3.6.-4.6.20**

Kvart år arrangerer FKT fagkonferanse for kontrollutval og deira sekretariat der ein set søkelyset på saker og problemstillingar som er aktuelle for kommunale kontrollutval. Årsmøtet vert avholdt i samband med fagkonferansen om ettermiddagen 3. juni.

#### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet i Aukra kommune deltek på FKT sin fagkonferanse med følgjande deltakarar:

1. Grant Solem
  2. Anita Høy Rekkavik.
- Reserve: Kristian Onsøyen.

Kontrollutvalssekretariatet sørgjer for påmelding.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

#### **Ny handsaming i møte 12.05.2020**

Kontrollutvalssekretariatet har ikkje meldt på nokon deltakarar frå Aukra kommune då det etter møtet 18.02.20 har vore uvisst om konferansen og årsmøtet vert avvikla som planlagt, utsett eller avlyst som følge av restriksjonar i samband med Covid-19.

Frå FKT er det den 04.05.2020 kome melding om at fagkonferansen er avlyst grunna regjeringa sine restriksjonar i samband med Covid-19. Imidlertid vil årsmøtet 2020 avhaldast som digitalt årsmøte 3. juni kl. 16.30. Kontrollutvalsleiarane og leiarane for sekretariata vil motta innkalling på e-post seinest 14. dagar før. Dei vil også motta informasjon om praktiske forhold ved sjølve møtet. Det er kun medlemmar i FKT som har tale-, forslags- og stemmerett (ei stemme per kontrollutval eller sekretariat). Medlemmene velgjer sjølv kven som skal vere representert på årsmøtet.

Aukra kommune er medlem i FKT og representere med 1 stemme på årsmøtet.

Kontrollutvalet i Aukra kan no velje ein representant og vara til å møte på årsmøtet.

## **2. Henvending til kontrollutvalet v/leiar**

Kontrollutvalet sin leiar og sekretær var etter møtet 18.11.2019 på besøk hos eigarane og tiltakshavarane av gnr. 10/19 i Juvikvegen 47 etter at dette var klarert med kontrollutvalet i møtet. Der vart det gjennomgått dokumentasjon i ei byggesak mellom tiltakshavarane og Aukra kommune. På bakgrunn av denne gjennomgangen ba leiar om at sekretær fekk innsyn i saksdokumenta hos Aukra kommune. Sekretær henvendte seg i epost 9.12.2019 til Aukra kommune der kontrollutvalet ber om innsyn i alle dokument i sak 2017/269 som angår gnr. 10 bnr. 19. Aukra kommune svarte den 11.12.2019 der dei oversendte all dokumentasjon dei har registrert i saka. På bakgrunn av sekretæren sin gjennomgang av denne dokumentasjonen, hadde sekretæren nokre spørsmål i saka. Desse vart oversendt Aukra kommune 11.12.2019. Den 24.01.2020 svarar sakshandsamar på spørsmål i epost. Den 08.01.2020 henvender tiltakshavarane seg pr. telefon til sekretær og spør kva dei skal foreta seg i saka. Sekretær svarar i epost 08.01.2020 at ein ber tiltakshavarane ta saka og prosessen vidare uavhengig av kontrollutvalet si handsaming av saka i møtet 18.02.2020. Ein opplyser også at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan, og ikkje ser på enkeltsaker spesielt, men at henvendingar og enkeltsaker kan bli brukt som bakgrunn for å undersøke om sakshandsaming og rutiner er tilfredsstillande i kommunen. Den 09.01.2020 sender sekretær all dokumentasjon i saka til tiltakshavarane slik at ein kan sjekke ut om all dokumentasjon er ført i saka. Den 11.01.2020 svarar tiltakshavarane at det manglar ein del dokumentasjon i saka, i alt 6 dokument.

Sekretariatet legg med desse opplysningane saka fram for kontrollutvalet for handsaming.

### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Oddbjørg Sporsheim ber om at hennar habilitet vart vurdert då ho er svigerinne til ein av partane i saka. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav b). Grant Solem ba også om at hans habilitet var vurdert då han har eit firma som har ytt tenester i saka til ein av partane. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav a) og e). Oddbjørg Sporsheim og Grant Solem trådte til side under handsaming av habilitetsspørsmålet. Verken vurdering og vedtak om habilitet eller realitetshandsaming av saka vart gjennomført då kontrollutvalet ikkje var vedtaksført då eitt medlem forlet møtet før handsaminga.

Saka utsett til neste møte.

### **Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020**

Sekretariatet har etter møtet i kontrollutvalet 18.02.2020 fått ny henvending frå tiltakshavarane. I denne samtalen kom det tydelegare fram at dette er ei sak som ber preg av klage på vedtak fatta av kommunen, og som bør rettast til Fylkesmannen. Dette er kommunisert til tiltakshavarane. Sekretariatet vil med dette råde kontrollutvalet om å avslutte saka i kontrollutvalet, men bruke opplysningane inn i arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering av Aukra kommune si verksemd, jf. sak PS 13/20.

### **3. Verksemdsbesøk/orientering frå einingsleiar**

#### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Kontrollutvalet ønskjer i samband med neste møte 12.05.2020 å gjennomføre eit verksemdsbesøk hos Aukraheimen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

#### **Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020**

Kommunedirektøren har korrigert kontrollutvalet på at Aukraheimen ikkje er rett namn (vert no nytta til bibliotek ma.), men at rett namn er Aukra omsorgssenter. Grunna restriksjonane i samband med Covid-19, så er det kommunisert til kommunedirektør at verksemdsbesøket er utsett inntil vidare. Som alternativ vurderer ein heller ikkje at ei orientering frå einingsleiar er aktuelt no.

### **4. Sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole gnr.1 bnr.298**

Formannskapet handsama i møte 27.01.2019, sak 11/20 sal av tidlegare Aukra vidaregåande Skole. Saka vart ettersendt til Formannskapet sitt møte. Kontrollutvalet sin leiar reagerte på måten saka var handsama og lagt fram på. På denne bakgrunn vart det sendt ein epost til Formannskapet frå leiar i kontrollutvalet før saka kom til handsaming.

Formannskapets vedtak:

1. Aukra formannskap ber kommunedirektøren om å innhente ein ny takst for eigedomen, Aukra vidaregåande skole.
2. Aukra formannskap ber kommunedirektøren om å legge fram kor store kostnader som er knytt til riving av eigedomen Aukra vidaregåande skole.
3. Aukra formannskap ønskjer å ta ny stilling til kva vi ønskjer å gjere med eigedomen Aukra vidaregåande skole når vi har fått svar på pkt. 1 og 2 i denne sak.

#### **Kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.2020**

Det var reist spørsmål om Grant Solem sin habilitet då han er leigetakar på eigedomen. Han vart erklært habil av medlemmane i kontrollutvalet.

Det vart framsett forslag om at kontrollutvalet følgjer saka vidare ved å følgje opp Formannskapet si handsaming av saka.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

#### **Kontrollutvalssekretariatet si vurdering etter møtet 18.02.2020**

Ein kan ikkje registrere at Formannskapet enno har fått saka til ny handsaming.

## **5. Høyring: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune**

Kommunestyret har behandla saka i møte 02.04.2020 sak 21/20. Kommunestyremedlem Oddvar Hoksnes (KrF) satt fram følgjande forslag: Høyringsfristen endres fra 10.5. til 15.5.20 for at Kontrollutvalget kan ha en sjanse til å komme med innspill, i møtet den 12.5. Kommunedirektøren endra tilrådinga: Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Votering: Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt. Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

Kommunestyrets vedtak:

1) Kommunestyret legg forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune ut på offentlig høyring. Høyringsfristen vert sett til 15. mai 2020.

2) Forskrifta vert lagt ut på kommunen sin høyringsportal, samt sendt til råd og utval for høyring.

### **Kontrollutvalssekretariatet si vurdering**

Kontrollutvalet skal på generellt grunnlag vere forsiktig med å kome med innspel til regelverk då utvalet i ettertid skal påsjå og kontrollere at same regelverk vert følgt. Åpenbare manglar eller regelbort i gjeldande rutiner, regelverk eller retningslinjer må likevel påpeikast, eller der det kan reisast tvil om tolking, så kan kontrollutvalet stille spørsmål.

Ein har mange regelverk i ein kommune og kontrollutvalet har som oppgåve å påsjå eller påtale at regelverk og rutiner finst og skal kontrollere at desse vert etterlevd.

Kontrollutvalssekretariat vurderer det slik at kontrollutvalet ikkje bør gje høyringssvar. Ein har likevel vurdert at det bør reisast spørsmål til tolking av innhaldet i § 17 om varaordførar har rett til tapt arbeidsforteneste til setninga «Den som har eit tillitsverv i Aukra kommune, har krav på...» og relatert til § 10 om kva som ligg i forståinga av setninga «Dette omfattar all møteverksemd». Dette spørsmålet er relevant å stille sett i høve neste sak.

Vedlegg:

- Kommunestyret sitt vedtak i sak 21/20 den 02.04.2020.
- Forslag til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune.

## **6. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til varaordførar i Aukra kommune**

Formannskapet fekk i sak 24/20 den 23.03.20 til handsaming ei sak om «Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune». Bakgrunnen for saka var at varaordførar etter reglementet for godtgjersle vedtek i kommunestyret 27.8.2019 mottek 12 % godtgjersle. Utover det sender varaordførar inn krav om tapt arbeidsforteneste. Den faste godtgjersla vert i stor grad nytta til kommunestyre, formannskap og administrasjonsutval. I ei periode har ordførar bedt varaordførar om å delta på møter og utføre oppgåver som kjem i tillegg til dei nemte utvalsmøta. I ei periode har ordførar bedt varaordførar om å fylgje med på tidsbruken for at politikarane kan ha eit grunnlag for å sjå på ei endring av varaordførar si godtgjersle.

Formannskapet sendte saka med si innstilling til vedtak over til kommunestyret for handsaming 02.04.2020.

Leiar i kontrollutvalet var i kontakt med ordførar etter møtet og stilte spørsmål ved sakshandsaminga.

Den 31.03.20 sendte ordførar ut epost etter at møteinnkalling til kommunestyret 02.04.20 hadde gått ut den 27.03.20. Ordførar har fått spørsmål om sakshandteringa har vore riktig i denne saka og vel derfor at sak 24/20 Godtgjersle til varaordførar vert trekt frå saklista til Kommunestyret 02.04.20.

Gjeldande retningsliner vedteke 27.08.19 K-sak 49/19 seier i innleiinga: Reglementet skal reviderast kvart 4. år, før nytt kommunestyre vert valt. I tillegg er det og stilt spørsmål om ordførar kan vera saksbehandlar etter Kommunelovens § 6-1.

Den 31.03.2020 sender servicesjef i Aukra kommune ein epost til varaordførar der det vert vist til krav om tapt arbeidsfortjeneste frå varaordførar. Det vert opplyst at varaordførar må sende dokumentasjon som grunnlag for tapt arbeidsfortjeneste og at dette må godkjennast av ordførar eller kommunedirektør.

Den 22.04.2020 sender kommunedirektør ein epost til varaordførar der ein viser til at det har kome spørsmål frå varaordførar og andre politikarar kring utbetaling av tapt arbeidsfortjeneste til varaordførar. Kommunedirektøren er av den formeining at kommunens reglement er tydeleg på at varaordførar ikkje skal ha tapt arbeidsfortjeneste i tillegg til varaordførargodtgjersla. For kommunedirektør skulle vere sikker på at ho hadde tolka kommunens reglement rett har ho sendt over kommunens reglement samt forslag til forskrift til Advokat Sverre Larhammer for å få hans betraktning og vurdering i saka.

Kommunedirektøren har trass i si fortolking av reglementet om at det ikkje heimlar utbetaling av tapt arbeidsfortjeneste til varaordførar, likevel betalt varaordførar sitt krav om tapt arbeidsfortjeneste.

Kommunedirektøren vil på kommunens vegne ikkje krevje attendebetalt det varaordføraren allereie har fått utbetalt ved at kommunediretøren har gjort en feil.

Advokatens svar til kommunedirektør i epost 17.04.2020 er at varaordførar ikkje har rett på anna utbetaling enn det reglementet heimlar, nemleg 12 % av ordførar si godtgjersle. Advokaten hevdar også at varaordførar etter lovas tolkning har plikt til å betale attende det varaordførar har motteke.

På bakgrunn av dette sender kontrollutvalssekretær eit notat til kontrollutvalet den 24.04.20 der dette vert problematisert og ein presiserar at kontrollutvalet ikkje skal tolke vedtak/reglement. Kontrollutvalet bør eventuelt be kommunestyret om ei tolking av det vedtaket som vart fatta 27.08.19 i K-sak 49/19 om Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune.

For å vere førebudd til møtet i kontrollutvalet sender kontrollutvalssekretær til leiar i kontrollutvalet 10 spørsmål det kan vere grunn til å undersøke nærmare i saka. Leiar sender desse spørsmåla vidare til ordførar, kommunedirektør og varaordførar og kallar samstundes inn til møte i Teams den 30.04.20 for å få svar på spørsmåla.

Ordførar og kommunedirektør svara på spørsmåla og sendte dette skriftleg til kontrollutvalssekretariatet. Eitt av spørsmåla kan ut frå svaret tolkast til å gå på personlege tilhøve og vere unnateke offentlegheit, og dette er av den grunn teke ut av vedlegget slik at saka kan vere offentleg. Det vedrører heller ikkje spørsmålet om godtgjering.

## Kontrollutvalssekretariatet si vurdering

Inga vurdering eller innstilling.

Spørsmåla, svara og øvrig dokumentasjon ligg ved som utgangspunkt for om kontrollutvalet vel å gå vidare med dette som sak.

Vedlegg:

- Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune 2019-2023, vedteke i kommunestyret 27.08.19, sak 49/19.
- Saksframlegg i sak 24/20 - Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune, formannskapet 23.03.20.
- Vedtak og innstilling i sak 24/20 - Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune, formannskapet 23.03.20.
- Spørsmål til, og svar frå ordførar i tilknytning til Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune, 30.04.20.
- Spørsmål til, og svar frå kommunedirektør i tilknytning til Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune, 30.04.20.

Sveinung Talberg  
Rådgjevar



## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 20/00052  
Saksbehandler Aaslaug Søreide

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	23.03.2020	23/20
2 Kommunestyret	02.04.2020	21/20

### Høyring: Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 02.04.2020 sak 21/20**

#### Møtebehandling

Kommunestyremedlem Oddvar Hoksnes (KrF) satt fram følgjande forslag:

Høyringsfristen endres fra 10.5. til 15.5.20 for at Kontrollutvalget kan ha en sjanse til å komme med innspill, i møtet den 12.5.

Kommunedirektøren endra tilrådinga: Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

#### Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt. Høyringsfrist vert endra frå 10.5. til 15.5.2020.

#### Kommunestyrets vedtak

- 1) Kommunestyret legg forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune ut på offentleg høyring. Høyringsfristen vert sett til 15. mai 2020.
- 2) Forskrifta vert lagt ut på kommunen sin høyringsportal, samt sendt til råd og utval for høyring.





Aukra kommune

## HØYRINGSUTKAST

### Forskrift 01.01.2020 om folkevalt sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune

Fastsett av Aukra kommunestyre xx.xx 2020 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 8.

#### Innhald:

Kapittel 1 Føremål og verkeområde .....	2
Kapittel 2 Godtgjersle .....	2
Kapittel 3 Rettar og plikter .....	5
Kapittel 4 Dekking av utgifter og økonomisk tap .....	6
Kapittel 5 Dispensasjon og andre forhold .....	8
Kapittel 6 Endring og iverksetjing .....	8

# Kapittel 1 Føremål og verkeområde

## § 1 Føremål

Formålet til forskrifta er å regulere rettar og plikter etter kommunelova kapittel 8 for folkevalde i Aukra kommune.

Forskrifta skal tydeleggjere kva kriterium Aukra kommune legg til grunn for slik godtgjering og utgiftsdekning, og kven som blir omfatta av ordninga.

Forskrift for godtgjering blir vedteken av kommunestyret innan 31. juni det året det skal gjennomførast val til nytt kommunestyre.

## § 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar medlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i ulike råd og utval. Forskrifta omfattar også kommunalt tilsette som møter ut frå partsforhold som er heimla i lover eller avtalar.

# Kapittel 2 Godtgjersle

## § 3 Møtegodtgjersle

Folkevalde har ikkje eit tilsetjingsforhold i kommunen. Godtgjeringa er ikkje å forstå som lønn. Godtgjering og utbetaling av tapt arbeidsinntekt er likevel skattepliktig som inntekt. Det blir trekt skatt i samsvar med skattekort.

All godtgjering blir fastsett i prosent av ordførar si godtgjersle. Kalkylegrunlaget skal justerast med verknad frå 1. november kvart år, basert på den godtgjersla som er gjeldande for ordførar per 1. mai same år.

Kommunestyret vedtek som hovudregel møtegodtgjersle for dei einskilde utval etter gruppe A og B. Unntak frå denne regelen kan kommunestyret gjere når det er viktige grunnar for det.

Godtgjeringa til folkevalde gir ikkje rett til feriepengar. Møtegodtgjersle blir utbetalt i november kvart år.

## § 4 Utmåling av satsar for møtegodtgjersle

Folkevalde har krav på godtgjering etter gjeldande satsar:

Utval	Fast årleg godtgjering	Utbetaling
Ordførar	10,5 G	12 gonger per år
Varaordførar	12% av ordførar si godtgjersle	12 gonger per år
*Formannskapsmedlem	Kr 25 000	November
*Livsløpsutvalet leiar	Kr 25 000	November
*Drift og areal leiar	Kr 25 000	November
*Kontrollutval leiar	Kr 25 000	November
*Overskattetakstnemnda leiar	Kr 25 000	November
*Skattetakstnemnda leiar	Kr 25 000	November

### Godtgjering per møte gruppe A

Leiar i gruppe A	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Administrasjonsutvalet	0,197	November
Drifts- og arealutvalet	0,184	November
Livsløpsutvalet	0,184	November
Kontrollutvalet	0,184	November
Skattetakstnemnda	0,200	November
Overskattetakstnemnda	0,200	November

Medlemmar i gruppe A	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Kommunestyret	0,145	November
Formannskapet	0,145	November
Administrasjonsutvalet	0,145	November
Drifts- og arealutvalet	0,145	November
Livsløpsutvalet	0,145	November
Kontrollutvalet	0,145	November
Skattetakstnemnda	0,184	November
Overskattetakstnemnda	0,184	November

### Godtgjering per møte gruppe B

Leiar i gruppe B	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Eldrerådet	0,094	November
Ungdomsrådet	0,094	November
RLF	0,094	November
Namneutval	0,094	November
Viltnemnda	0,094	November

Medlemmar i gruppe B	Prosentstatts av ordførar si godtgjersle	Utbetaling
Eldrerådet	0,08	November
Ungdomsrådet	0,08	November
RLF	0,08	November
Namneutval	0,08	November
Viltnemnda	0,08	November
Kommunen sin repr. i samarbeidsutval ved grunnskular og kommunale barnehagar	0,08	November

### § 5 Godtgjering til vara for leiar

Vedkommande som må gå inn som leiar i faste utval ved sjukdom eller anna fråvær, skal ha utbetalt leiargodtgjersle i den tid vedkommande har leiaransvaret.

Når eit medlem i kommunestyret må gå inn som varaordførar i kommunestyremøta ved sjukdom eller anna fråvær, skal vedkommande ha ei møtegodtgjersle på 0,145 % av ordførar si godtgjersle.

## **§ 6 Fleire møte på same dag**

Dersom medlemmer blir innkalla til fleire utval same dag, har dei rett på møtegodtgjersle berre for det utvalet som har den høgste godtgjersla.

## **§ 7 Avgrensing i utbetaling av fast godtgjersle**

Dersom ein folkevald deltek i mindre enn 2/3 av dei møta som det folkevalde organet har i løpet av kalenderåret, blir den årlege faste godtgjersla redusert med 50%. Er deltakinga mindre enn 1/3 av møta, blir den årlege redusert godtgjeringa med 75 %. Føresegna gjeld berre for dei utvala som har fast årleg godtgjersle.

Denne føresegna kjem likevel ikkje til anvendelse dersom fråværet skuldast sjukdom og legeerklæring vert lagt fram.

Ved forfall grunna sjukdom skal legeerklæring/sjukemelding leverast for vervet som polititar etter folketrygdlovens reglar kap. 8 for medlemmar med kombinerte inntekter, jf. §§ 8-40 til 8-43.

## **§ 8 Møtegodtgjersle blir ikkje betalt**

- a) der organet sjølv betaler ut møtegodtgjersle,
- b) til offentlege tilsette som møter i samband med den stillinga dei har, og der deltaking i utvalsarbeidet må sjåast på som ein naturleg del av deira arbeidsoppgåver,
- c) til representantar for dei tilsette som tek del i møte i si ordinære arbeidstid (for møtedeltaking utover arbeidstida gjeld dei vanlege reglane og tilvisingsrutinane som for overtidsbetaling).
- d) ved deltaking på kurs, seminar eller andre representantsoppgåver som blir haldne av andre enn kommunen, jf. § 16 om tapt arbeidsforteneste.
- e) for reisetid.
- f) for deltaking i folkevaldopplæring, jf. § 16 om tapt arbeidsforteneste.

## **§ 9 Godtgjersle til ordføraren**

Ordføraren vert kjøpt fri på heiltid med ei fast godtgjersle fastsett av kommunestyret. Godtgjersla inkluderer all kommunal møteverksemd.

Godtgjersle til ordføraren er sett til 10,5 G. Godtgjersla vert justert kvart år i tråd med endringane i grunnbeløpet i Folketrygda, og vert justert per 1. mai kvart år.

Ordføraren skal ha fri telefon.

Avtroppande ordførar som går over i anna arbeid, får etterløn i 1,5 månadar.

Retten til ettergodtgjering vert avkorta mot annan inntekt etter reglane i kommuneloven § 8-6 andre ledd.

Ein søknad om ettergodtgjering vert behandla av kommunedirektøren.

## **§ 10 Godtgjersle til varaordførar**

Godtgjersle til varaordføraren blir 12 % av ordførars godtgjersle i budsjettåret. Dette omfattar all møteverksemd. Varaordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

## Kapittel 3 Rettar og plikter

### § 11 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. kommuneloven § 8-8.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjering i arbeidsgjevarperioden frå den første til den sekstande sjukedagen, jf. folketrygdloven § 8-19.

Har ordføraren krav på godtgjering utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdloven § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det ordføraren har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det ordføraren ville ha fått i godtgjering i den same perioden, jf. kommuneloven § 8-8.

### § 12 Permisjonar

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven §§ 12-1, 12-10, 12-12 og 12-15.

Under permisjonen vil den folkevalde behalde godtgjeringa si i inntil to veker, med mindre han eller hun gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunedirektøren.

### § 13 Rettar ved yrkesskade

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, skal meldast inn i kommunens yrkesskadeforsikring som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade, jf. kommunelova § 8-9.

### § 14 Pensjon

Ordføraren har rett til pensjon i tråd med kommunens pensjonsordning.

Ordføraren blir innmeldt i den kommunale pensjonsordninga i KLP så sant ikkje anna vert skriftleg avtalt mellom ordføraren og kommunen.

### § 15 Ettergodtgjering

Folkevalde som har eit tillitsverv som sitt hovudarbeid, har etter søknad rett til ettergodtgjering i 3 månadar når vervet er avslutta.

### § 16 Feriepengar

Ordføraren har rett på 5 veker ferie. Varaordførar trer inn som ordførar ved avvikling av ferie etter nærare avtale med ordføraren.

Ordføraren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

## Kapittel 4 Dekking av utgifter og økonomisk tap

### § 17 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Aukra kommune, har krav på

- a) Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet
- b) Dekt utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å få utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i samband med utføringa av vervet, ikkje sjølv kan utføre
- c) Erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet.

Krav etter fyrste ledd skal setjast fram for sekretariatet så snart som mogeleg og seinast innan ein månad etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, blir likevel dekt dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på ein annan måte.

### § 18 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 17 fyrste ledd bokstav a gis for reiser over 3 km etter dei til ein kvar gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

- a) Reiseutgifter mellom bustad og møtestad blir dekt etter rekning.
- b) Når det gjeld tenestereise utanom dei politiske møta, skal representanten leggje fram kopi av møteinnkalling og kvittering for utlegg.
- c) Passasjertillegg blir gitt til passasjerar som elles har krav på at kommunen dekkjer skyssutgiftene deira.
- d) Betalte ferjebillettar blir godtgjort med pris for einskildreiser etter normaltakst-regulativet når billett blir levert, elles etter verdikort.
- e) Når representanten for kommunen deltek på møte eller konferansar, blir kostgodtgjersle ikkje betalt under opphald med full pensjon (pensjonspris) eller når kommunen dekkjer alle måltid.
- f) Reiserekningane skal leverast elektronisk ved bruk av kommunen sitt system for reiseutgifter. Vedlegga skal leggast inn i den elektroniske reiserekninga.

Utgifter etter § 17 første ledd bokstav b vert dekt etter følgjande satsar:

Utgift	Sats
Ekstra utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd.	Kr. 250 per time og maks kr. 1 250,- per møte.  Dette gjeld også for tidsrom utover kl. 16.

Tapt inntekt etter § 17 første ledd bokstav c vert delt inn i legitimert/dokumentert tap av inntekt og ulegitimert tap av inntekt. Tap inntekt vert dekt etter gjeldande satsar:

Utgift	Sats
Legitimert/dokumentert tap av inntekt	Inntil 0,35% av ordføraren si godtgjersle per dag
Ulegitimert tap av inntekt	Inntil 0,15% av ordføraren si godtgjersle per dag
Representantar som er utan vanleg	Inntil 0,05 % av ordføraren sin årlege

lønsinntekt	godtgjering per dag
-------------	---------------------

- a) Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir berre ytt til dei som har eit faktisk tap i arbeidsfortenesta. Krav på godtgjersle bør fremjast av arbeidsgivaren til den folkevalde for å hindre eit tap i pensjon og feriepengar. Som dokumentasjon for tapt arbeidsforteneste skal lønsmottakarar nytte skjema for «Erklæring om tapt arbeidsforteneste».
- b) Legitimert/dokumentert tap av inntekt er den lønna arbeidsgjevaren stadfestar at arbeidstakaren taper ved å delta i politiske møter, eller ein næringsdrivande kan påvise bl.a. ved å leggje fram likningsoppgåve. Kommunalt valde representantar har rett til dekning av legitimert tapt arbeidsforteneste. Føresetnaden for å krevje slik erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap. Det kan heller ikkje krevjast erstatning for fråvær som blir innarbeidd.
- c) Ulegitimert tapt arbeidsforteneste blir definert i denne samanhengen som tapt arbeidsforteneste som ikkje kan legitimerast frå arbeidsgivar/oppdragsgivar. Det er rimeleg å leggje til grunn at den som får fri i ordinær arbeidstid utan lønnstrekk for å utføre politiske verv, ikkje har tap av inntekt. Slike tap må i så fall sannsynleggjerast.
- d) Ulegitimert tap vert ikkje gjeve automatisk, men etter søknad.
- e) Sjølvstendige næringsdrivande skal leggje fram likningsattest. Tap per dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar. Dersom likningsattesten ikkje gir gode nok opplysningar for utrekning av tapt arbeidsforteneste, kan ein i tillegg til likningsattesten leggje ved utskrift av likninga, næringsoppgåve eller anna dokumentasjon som kan godkjennast av kommunedirektøren.
- f) Dokumentasjon for berekning av grunnlaget for tapt arbeidsforteneste skal leggjast fram kvart år etter førespurnad frå kommunedirektøren.
- g) Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 -16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men ikkje over 7,5 timer per dag.

### § 19 Økonomisk tap ved andre oppdrag enn kommunal møteverksemd

Under synfaringar som blir pålagt av utvalet, kommunedirektøren eller ordføraren, får medlemmane skyss- og kostgodtgjersle, møtegodtgjersle og eventuelt refusjon for tapt arbeidsforteneste etter kapittel 2 og kapittel 4 § 17 første ledd bokstav a.

Ved deltaking på kurs, seminar eller andre representasjonsoppgåver som blir haldne av andre og er godkjent av ordførar eller kommunedirektør, får vedkomande dekt skyss- og kostutgifter og erstatning for eventuelt tapt arbeidsforteneste (opp til beløpsgrense) etter § 17 første ledd bokstav c. Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller godtgjersle for reisetida.

I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert folkevaldopplæring. Opplæringa skal m.a. omhandla rolla som folkevald og rammer for politisk arbeid. Opplæringa er obligatorisk og deltakarane får refusjon for tapt arbeidsforteneste etter § 17 første ledd bokstav c. Deltakarane får ikkje utbetalt møtegodtgjersle, jf. § 8 f.

### § 20 Krav om utbetaling

Tapt arbeidsforteneste og reiserekning vert utbetalt månadleg etter rekning og dokumentasjon.

Frist for innlevering av rekning og dokumentasjon er innan den 20. i kvar månad.

## Kapittel 5 Dispensasjon og andre forhold

### **§ 21 Dispensasjon og godtgjersle til andre utval, styre, nemnder eller råd**

Formannskapet eller den det gir fullmakt til, har i særtilfelle fullmakt til å dispensere frå desse føresegnene, og til å fastsetje eventuell godtgjersle for utval, styre, nemnder og råd som ikkje kjem automatisk inn under dette reglementet.

### **§ 22 Kommunal rapport**

Abonnement på Kommunal rapport vert teikna for medlemmane i kommunestyret.

## Kapittel 6 Endring og iverksetjing

### **§ 23 Endring av forskrift**

Endringar av denne forskrifta kan berre gjerast av kommunestyret.

### **§ 24 Iverksetting**

Desse føresegnene blir gjort gjeldande frå kommunestyrets vedtaksdato. Frå den tida forskrifta tek til å gjelde, vert tidlegare reglement om godtgjersle oppheva.





# Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune

Gjeldande i perioden 2019-2023

Vedteke i K-sak 49/19, 27.08.2019  
ePhortenr.: 19/588-5

## Innhald

1	Møtegodtgjersle .....	3
1.1	Generelt.....	3
1.2	Vara for leiar.....	3
1.3	Fleire møte på same dag.....	3
1.4	Avgrensing i utbetaling av godtgjering.....	3
1.5	Møtegodtgjersle blir ikkje betalt.....	3
2	Ordførar og varaordførar .....	4
2.1	Godtgjersle til ordføraren.....	4
2.2	Sosiale rettar .....	4
2.3	Pensjon.....	4
2.4	Ettergodtgjering .....	4
2.5	Feriepengar .....	4
2.6	Godtgjersle til varaordførar.....	4
3	Møtegodtgjersle gruppe A (faste utval).....	4
3.1	Fast årleg sum.....	4
3.2	Møtegodtgjersle.....	5
4	Møtegodtgjersle gruppe B .....	5
4.1	Andre utval, styrer og råd.....	5
4.2	Møtegodtgjersle.....	5
5	Tap av arbeidsforteneste .....	6
5.1	Legitimert tapt arbeidsforteneste.....	6
5.2	Ulegitimert tapt arbeidsforteneste .....	6
5.3	Dokumentasjon for tapt arbeidsforteneste .....	6
5.4	Dekking av utgifter .....	7
5.5	Representantar utan vanleg lønsinntekt.....	7
5.6	Andre oppdrag.....	7
	<i>Synfaring.....</i>	<i>7</i>
	<i>Kurs, seminar og andre representasjonsoppgåver.....</i>	<i>7</i>
5.7	Innsending av krav om tapt arbeidsforteneste .....	7
6	Skyss og godtgjersle .....	7
7	Kommunal rapport.....	8
8	Telefongodtgjersle.....	8
9	Dispensasjon og godtgjersle til andre utval, styre, nemnder eller råd .....	8
10	Iverksetjing .....	8

## Innleiing

Etter §§ 41 og 42 i kommunelova har alle med kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv krav på dekning av utgifter, økonomiske tap og arbeidsgodtgjersle for sitt verv etter nærare reglar fastsett av kommunestyret.

Reglementet skal reviderast kvart 4. år, før nytt kommunestyre vert valt.

## 1 Møtegodtgjersle

### 1.1 Generelt

Møtegodtgjersle blir utbetalt i november kvart år.

Kommunestyret vedtek som hovudregel møtegodtgjersle for dei einskilde utval etter gruppe A og B. Unntak frå denne regelen kan kommunestyret gjere når det er viktige grunnar for det.

Fastsetjing av godtgjersle per møte tek utgangspunkt i ordføraren si godtgjersle.

### 1.2 Vara for leiar

Vedkommande som må gå inn som leiar i faste utval ved sjukdom eller anna fråvær, skal ha utbetalt leiargodtgjersle i den tid vedkommande har leiaransvaret.

Når eit medlem i kommunestyret må gå inn som varaordførar i kommunestyremøta ved sjukdom eller anna fråvær, skal vedkommande ha ei møtegodtgjersle på 0,145 % av ordførar si godtgjersle.

### 1.3 Fleire møte på same dag

Dersom medlemmer blir innkalla til fleire utval same dag, har dei rett på møtegodtgjersle berre for det utvalet som har den høgste godtgjersla.

### 1.4 Avgrensing i utbetaling av godtgjering

Dersom ein folkevalt deltek i mindre enn 2/3 av dei møta som det folkevalte organet har i løpet av kalenderåret, blir den årlege redusert godtgjeringa med 50%. Er deltakinga mindre enn 1/3 av møta, blir den årlege redusert godtgjeringa med 75 %. Føresegna gjeld berre for dei utvala som har fast årleg godtgjersle.

### 1.5 Møtegodtgjersle blir ikkje betalt

- der organet sjølv betaler ut møtegodtgjersle,
- til offentlege tilsette som møter i samband med den stillinga dei har, og der deltaking i utvalsarbeidet må sjåast på som ein naturleg del av deira arbeidsoppgåver,
- til representantar for dei tilsette som tek del i møte i si ordinære arbeidstid (for møtedeltaking utover arbeidstida gjeld dei vanlege reglane og tilvisingsrutinane som for overtidsbetaling).

## 2 Ordfører og varaordfører

### 2.1 Godtgjersle til ordføreren

Godtgjersle til ordføreren er sett til 10,5 G. Godtgjersla vert justert kvart år i tråd med endringane i grunnbeløpet i Folketrygda, og vert justert per 1. november kvart år.

Ordføreren vert kjøpt fri på heiltid med ei fast godtgjersle fastsett av kommunestyret. Godtgjersla inkluderer all kommunal møteverksemd.

### 2.2 Sosiale rettar

Ordfører har same rettar som tilsette når det gjeld sosiale rettar som uttak av fedrekvote, sjukepengar og liknande.

### 2.3 Pensjon

Ordføreren skal vere innmeldt i den kommunale pensjonsordninga i KLP.

### 2.4 Ettergodtgjering

Avtroppande ordfører som går over i anna arbeid, får 1,5 månad etterløn. Dersom ordføreren ikkje går over i anna arbeid, vert det betalt ut etterløn i 3 månader, jf. k-sak 60/99.

### 2.5 Feriepengar

Ordføreren har rett på 5 veker ferie. Varaordfører trer inn som ordfører ved avvikling av ferie etter nærare avtale med ordføreren.

Ordføreren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

### 2.6 Godtgjersle til varaordfører

Godtgjersle til varaordføreren blir 12 % av ordførars godtgjersle i budsjettåret. Dette omfattar all møteverksemd. Varaordføreren har ikkje rett til utbetaling av feriepengar, men får utbetalt godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjeringar.

## 3 Møtegodtgjersle gruppe A (faste utval)

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Livsløpsutvalet
- Drift og arealutvalet
- Kontrollutvalet
- Overskattetakstnemnda
- Skattetakstnemnda

### 3.1 Fast årleg sum

Fast årleg sum til formannschaftsmedlemene er kr 25.000,-.

Fast årleg sum til leiarane i livsløpsutvalet, drift- og arealutvalet, kontrollutvalet, overskattetakstnemnda og skattetakstnemnda er kr 25.000,-.

Dersom det faste medlemmet har fråvær på meir enn tre møter per år, vert den faste godtgjersla delt mellom det faste medlemmet og dei møtande varamedlemmane.

### **3.2 Møtegodtgjersle**

Godtgjersle til medlemmane i kommunestyret, formannskapet, livsløpsutvalet og drifts- og arealutvalet og kontrollutvalet er 0,145 % av ordføraren si godtgjersle per møte.

Godtgjersle til leiarane i livsløpsutvalet, drift- og arealutvalet og kontrollutvalet er 0,184 % av ordføraren si godtgjersle per møte.

Godtgjersle til leiar i administrasjonsutvalet er 0,194% av ordføraren si godtgjersle per møte.

Godtgjersle til medlemmane i overskattetakstnemnda , skattetakstnemnda, er 0,184 % av ordføraren si godtgjersle per møte.

Godtgjersle til medlemmane i leiarane i overskattetakstnemnda og skattetakstnemnda, er 0,2 % av ordføraren si godtgjersle per møte.

## **4 Møtegodtgjersle gruppe B**

### **4.1 Andre utval, styrer og råd**

- Eldrerådet
- Ungdomsrådet
- Rådet for likestilling av funksjonshemma
- Sogenemnda
- Viltnemnda
- Namneutvalet
- Kommunen sin representant i samarbeidsutval ved grunnskular og kommunale barnehagar
- Byggenemnder (jf. 1,5 og pkt. 9)
- Plannemnder (jf. 1,5 og pkt. 9)

Gruppe B gjeld for valde representantar til samansette utval, der organet sjølv ikkje betaler ut godtgjersle. Det er det organet som vêl representanten som er ansvarleg for å tilvise godtgjersla.

### **4.2 Møtegodtgjersle**

- Godtgjersle til leiarane i gruppe B er 0,094 % av ordføraren si løn per møte.
- Godtgjersle til medlemmane gruppe B er 0,08 % av ordføraren si løn per møte.

## 5 Tap av arbeidsforteneste

Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir betalt til representantar i kommunale utval, styre og råd som er nemnd under gruppe A og B.

Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir berre ytt til dei som har eit faktisk tap i arbeidsfortenesta. Krav på godtgjersle bør fremjast av arbeidsgivaren til den folkevalde for å hindre eit tap i pensjon og feriepengar.

Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt i tidsrommet kl. 08.00 -16.00 dersom ikkje anna kan dokumenterast, men ikkje over 7,5 timer per dag.

### 5.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert/dokumentert tap av inntekt er den lønna arbeidsgjevaren stadfestar at arbeidstakaren taper ved å delta i politiske møter, eller ein næringsdrivande kan påvise bl.a. ved å leggje fram likningsoppgåve.

Kommunalt valde representantar har rett til dekning av legitimert tapt arbeidsforteneste. Føresetnaden for å krevje slik erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap. Det kan heller ikkje krevjast erstatning for fråvær som blir innarbeidd.

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med inntil 0,35 % av ordføraren si godtgjersle per dag.

### 5.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste blir definert i denne samanhengen som tapt arbeidsforteneste som ikkje kan legitimerast frå arbeidsgivar/oppdragsgivar. Det er rimeleg å leggje til grunn at den som får fri i ordinær arbeidstid utan lønnstrekk for å utføre politiske verv, ikkje har tap av inntekt. Slike tap må i så fall sannsynleggjerast.

Ulegitimert tap vert ikkje gjeve automatisk, men etter søknad.

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste, vert godtgjort med inntil 0,15 % av ordføraren si godtgjersle per dag.

### 5.3 Dokumentasjon for tapt arbeidsforteneste

Som dokumentasjon for tapt arbeidsforteneste skal lønsmottakarar nytte skjema for «Erklæring om tapt arbeidsforteneste». Sjølvstendige næringsdrivande skal legge fram likningsattest. Tap per dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

Dersom likningsattesten ikkje gir gode nok opplysningar for utrekning av tapt arbeidsforteneste, kan ein i tillegg til likningsattesten leggje ved utskrift av likninga, næringsoppgåve eller anna dokumentasjon som kan godkjennast av rådmannen.

Dokumentasjon for berekning av grunnlaget for tapt arbeidsforteneste skal leggjast fram kvart år etter førespurnad frå rådmannen.

#### 5.4 Dekking av utgifter

Ekstra utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd, kan søkjast dekt med inntil kr 250,- per time og maks kr 1 250,- per møte. Dette gjeld også for tidsrom utover kl. 16.00.

#### 5.5 Representantar utan vanleg lønsinntekt

Representantar som er utan vanleg lønsinntekt medan dei utfører vervet sitt, kan etter krav få utbetalt 0,05 % av ordføraren sin årlege godtgjering per dag.

#### 5.6 Andre oppdrag

##### *Synfaring*

Under synfaringar som blir pålagt av utvalet, rådmannen eller ordføraren, får medlemmane skyss- og kostgodtgjersle, møtegodtgjersle og eventuelt refusjon for tapt arbeidsforteneste.

##### *Kurs, seminar og andre representasjonsoppgåver*

Ved deltaking på kurs, seminar eller andre representasjonsoppgåver som blir haldne av andre og er godkjent av ordførar/rådmann, får vedkomande dekt skyss- og kostutgifter og erstatning for eventuelt tapt arbeidsforteneste (opp til beløpsgrense), men ikkje møtegodtgjersle. Det blir ikkje utbetalt godtgjersle for reisetida.

#### 5.7 Innsending av krav om tapt arbeidsforteneste

Rekning på legitimerte og ulegitimerte utgifter leverast inn etter kvart møte og seinast innan 3 månader etter den tapte inntekta oppstod. Tapt arbeidsforteneste skal meldast inn elektronisk via kommunen sitt system. Dokumentasjon frå arbeidsgjevar om tapt arbeidsforteneste skal leggjast ved.

## 6 Skyss og godtgjersle

Skyss- og kostgodtgjersle blir gitt i samsvar med staten sitt reiseregulativ med slike avvik og presiseringar:

- Reiseutgifter **mellom bustad og møtestad** blir dekt etter rekning. Reiserekningane skal leverast elektronisk ved bruk av kommunen sitt system for reiseutgifter. For lengre reiser leverast eiga reiserekning etter kvar enkelt reise. Når det gjeld tenestereise utanom dei politiske møta, skal representanten leggje fram kopi av møteinnkalling og kvittering for utlegg. Vedlegga skal leggjast inn i den elektroniske reiserekninga.
- Godtgjersle for bruk av eigen bil skal følgje satsane i statsregulativet for mindre bil.
- Passasjertillegg blir gitt etter den til ei kvar tid gjeldande sats i statsregulativet. Berre passasjerar som elles har krav på at kommunen dekkjer skyssutgiftene og kommunen sine gjester, kan reknast med.
- Betalte ferjebillettar blir godtgjort med pris for einskildreiser etter normaltakstregulativet når billett blir levert, elles etter verdikort.

- Når representanten for kommunen deltek på møte eller konferansar, blir kostgodtgjersle ikkje betalt under opphald med full pensjon (pensjonspris) eller når kommunen dekkjer alle måltid. I slike høve blir reise til og frå rekna som to einskildreiser, der tida for utrekning av kostgodtgjersle blir rekna frå ein reiser heimanfrå og fram til første felles måltid, og frå siste felles måltid til ein kjem heim.
- Dersom ein får servert lunsj eller middag betalt av kommunen eller av privat firma skal kostgodtgjersla reduserast med dei beløp for kvart måltid som er fastsett for slike reduksjonar i statens reiseregulativ. Det skal gis opplysningar om slik måltid i reiserekningane.

## **7 Kommunal rapport**

Abonnement på kommunal rapport vert teikna for medlemmane i kommunestyret.

## **8 Telefongodtgjersle**

Ordføraren skal ha fri telefon.

## **9 Dispensasjon og godtgjersle til andre utval, styre, nemnder eller råd**

Formannskapet eller den det gir fullmakt til, har i særtilfelle fullmakt til å dispensere frå desse føresegnene, og til å fastsetje eventuell godtgjersle for utval, styre, nemnder og råd som ikkje kjem automatisk inn under dette reglementet.

## **10 Iverksetjing**

Desse føresegnene blir gjort gjeldande frå 01.11.2019. Frå same dag fell alle tidlegare vedtak om godtgjersle for folkevalde bort.



UTVAL/GRUPPE A	Sats av ordfører si godtgjersle i pst.	2019-2023
Ordfører (10,5 G)		1 045 643
Varaordfører	12%	125 477
<b>Medlemmar i utvala:</b>		
Kommunestyret	0,145	1 516
Formannskapet	0,145	1 516
Administrasjonsutvalet	0,145	1 516
Drifts- og arealutvalet	0,145	1 516
Livsløpsutvalet	0,145	1 516
Kontrollutvalet	0,145	1 516
Skattetakstnemnda	0,184	1 923
Overskattetakstnemnda	0,184	1 923
<b>Leiar i utvala:</b>		
Administrasjonsutvalet	0,197	2 028
Drifts- og arealutvalet	0,184	1 923
Livsløpsutvalet	0,184	1 923
Kontrollutvalet	0,184	1 923
Skattetakstnemnda	0,200	2 091
Overskattetakstnemnda	0,200	2 091

UTVAL/GRUPPE B	Sats av ordfører si godtgjersle i pst.	2019-2023
<b>Medlemmar i utvala:</b>		
Eldrerådet	0,08	836
Ungdomsrådet	0,08	836
RLF	0,08	836
Namneutval	0,08	836
Viltnemnda	0,08	836
Kommunen sin repr. i samarbeidsutval ved grunnskular og kommunale barnehagar	0,08	836
<b>Leiar i utvala:</b>		
Eldrerådet	0,094	982
Ungdomsrådet	0,094	982
RLF	0,094	982
Namneutval	0,094	982
Viltnemnda	0,094	982

TAPT ARBEIDSFORTENESTE (maksbeløp)	Sats av ordfører si godtgjersle i pst.	2019-2023
Ulegitimert tap per møte	0,15	1 568
Legitimert tap per møte	0,35	3 660

Årleg godtgjersle	Sum
Formannskap	25 000
Livsløpsutvalet leiar	25 000
Drift og areal leiar	25 000
Kontrollutval leiar	25 000
Overskattetakstnemnda leiar	25 000
Skattetakstnemnda leiar	25 000




---

Arkivsak-dok. 20/00052-17  
Saksbehandler Odd Jørgen Nilssen

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	23.03.2020	24/20
Kommunestyret	02.04.2020	

---

## Saksframlegg

### Godtgjersle til varaordfører i Aukra kommune

#### Ordføreren si tilråding:

1. Varaordfører skal frå 01.11.19 ha 30% av ordfører si godtgjersle.
2. Dette inkluderar alle møte og det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.
3. Ved ordførers fråver som ferie og sjukdom skal varaordfører ha ordførers godtgjersle frå første dag.
4. Allereie utbetalt tapt arbeidsforteneste og godtgjersle på 12% kjem til frådrag i godtgjersla så langt.

#### Bakgrunn

Per dags dato er varaordfører si godtgjersle på 12% av ordfører si godtgjersle. Utover det sender varaordfører inn krav om tapt arbeidsforteneste.

#### Vurdering

Godtgjersle for varaordfører er på 12% av ordførers godtgjersle per dags dato.

Dette vert i stor grad nytta til kommunestyre, formannskap og administrasjonsutval, og varaordfører har ikkje ekstra godtgjersle for t.d. formannskap og som leiar av administrasjonsutval (kr 25.000,-).

(Varaordfører er som kjent sjølvstendig næringsdrivande og er avhengig av å ha ein forutsigbar kalender, då ho elles må avlyse oppdrag i eige firma.)

I ei periode har ordfører bedt varaordfører om å fylgje med på tidsbruken, dette for at vi som politikarar kan ha eit grunnlag for å sjå på ei endring av varaordfører si godtgjersle.

I den tida som no har gått frå november til dags dato ser ordføreren over tid at varaordfører har brukt mykje tid saman med ordfører på mellom anna Vardsaka/utfordringar i lokalt næringsliv, planleggingsmøte med ordfører/heiltidskultur og som nestleiar i KS Møre og Romsdal m.m.

Aukra kommune er best kjent med ein varaordfører som kan ivareta si rolle til det det beste for kommunen. I den perioden frå november til dags dato har varaordfører etter ordfører sine råd ikkje vore med på konferansar/møte der det er naturleg at varaordfører deltek.

Det går med mykje ekstra tid for administrasjonen og varaordfører så lenge det må brukast tid på å kontrollere/sende inn skjema for tapt arbeidsforteneste ut over det som skal dekkast av 12%.

Ordfører meiner at Aukra kommune er best tent med ein varaordfører som er forutsigbar, og kan stille opp når det krevs i samarbeid med ordfører.

Ordfører kan heller ikkje sjå noko problem i at denne saka vert vurdert på nytt av sitjande formannskap/kommunestyret. Det vart også diskutert prosentsats når saka var opp til handsaming i førre kommunestyre og i diskusjonen vart det sagt at ein kunne sjå på dette etter ei tid.

### **Administrative konsekvensar**

### **Folkehelsekonsekvensar**

### **Økonomiske konsekvensar**

### **Særutskrift**

### **Vedlegg**



## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 20/00052  
Saksbehandler Martina Susanne Böttcher

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	23.03.2020	24/20
2 Kommunestyret	02.04.2020	

## Godtgjersle til varaordførar i Aukra kommune

---

### Formannskapet har behandla saka i møte 23.03.2020 sak 24/20

#### Møtebehandling

Varaordførar Audhild Mork (AP) bad utvalet om ho som varaordførar vart inhabil.

Varaordførar Audhild Mork (AP) vart samrøystes vurdert som inhabil etter Kommuneleven § 11-11 og Fvl § 6 2. ledd.

Varamedlem Katrine Rindarøy (AP) stilte som vara for varaordførar Audhild Mork (AP).

#### Ordførar Odd Jørgen Nilssen (H) endra sin tilråding som følgjande:

1. Varaordførar skal frå 01.11.19 ha 20% av ordførar si godtgjersle.
2. Dette inkluderar alle møte, det omfattar vidare ordførar sitt fråvær under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar. Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.
3. Ved ordførars fråvær under lengre sjukdom skal varaordførar ha ordførars godtgjersle frå første dag.
4. Allereie utbetalt tapt arbeidsforteneste og godtgjersle på 12% kjem til frådrag i godtgjersla så langt.

#### Varamedlem Katrine Rindarøy (AP) satt fram følgjande forslag:

1. Varaordførar skal frå 01.11.19 ha 30% av ordførar si godtgjersle.
2. Dette inkluderar alle møte og det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.
3. Ved ordførars fråver som ferie og sjukdom skal varaordførar ha ordførars godtgjersle frå første dag.
4. Allereie utbetalt tapt arbeidsforteneste og godtgjersle på 12% kjem til frådrag i godtgjersla så langt.

Forslaget frå Katrine Rindarøy (AP) vart satt opp mot ordførar Odd Jørgen Nilssen (H) sin tilråding.

#### Votering

Ordførar Odd Jørgen Nilssen sin tilråding vart vedtatt med 5 mot 2 stemmer:

Kevin Solem (AP)  
Katrine Rindarøy (AP)

Forslaget frå Katrine Rindarøy (AP) fell.

**Formannskapetets innstilling**

1. Varaordfører skal frå 01.11.19 ha 20% av ordfører si godtgjersle.
2. Dette inkluderar alle møte, det omfattar vidare ordfører sitt fråvær under ordinær ferie og fråvær ved sjukdom under 3 dagar. Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste i tillegg.
3. Ved ordførers fråvær under lengre sjukdom skal varaordfører ha ordførers godtgjersle frå første dag.
4. Allereie utbetalt tapt arbeidsforteneste og godtgjersle på 12% kjem til frådrag i godtgjersla så langt.

Svar på spørsmål frå ordførar i Aukra er skreve med **rød** tekst

### Møte med leder i Kontrollutvalet og kontrollutvalsekretariatet 30.04.20

Innledning:

Eg vil gjere merksam på saksbehandlinga i folkevalgte organ og reglementet for kontrollutvalet i Aukra kommune.

«Folkevalgte skal alltid behandle sine saker og treffe sine saker i møter i organer opprettet etter Kommuneloven eller særlov. Hovedregelen er at alle folkevalgte organ og andre kommunale organ må følgje alle saksbehandlingsregler. **Folkevalgte som møtes utenom disse organene er ikkje lovlig saksbehandling.»**

**Er denne saken tatt opp som sak i Kontrollutvalget? Er det leiaren som på eget initiativ som her opptrer i denne saken, i så fall er det i strid med saksbehandlingsreglene.**

«Møteprinsippet er et viktig prinsipp i reglene for saksbehandling. Folkevalgte organer skal behandle sine saker og treffe sine vedtak i møter. Er det først ett møte så gjelder alle saksbehandlingsregler.!»

**Som enkeltpolitiker må en gjerne komme med politiske utspill, men du kan ikke utøve arbeidsgiverrollen eller styringsrollen utenfor det folkevalgte organet som har myndighet til det»**

**Det eg no har referert gjer at eg er i sterk tvil om dette er eit lovleg gjennomført møte og det vil eg i ettertid følgje opp.**

1. Korleis oppfattar ordførar og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 2.6, Godtgjersle til varaordførar: «Godtgjersle til varaordføraren bli 12 % av ordførars godtgjersle i budsjettåret. Dette omfattar all møteverksemd». Kva ligg i begrepet ALL møteverksemd? **Det omfattar all møteverksemd**

2. Korleis oppfattar ordføraren og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 5, Tap av arbeidsforteneste: «Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir betalt til representantar i kommunale utval, styre og råd som nemnd under gruppe A og B». Inngår varaordføraren i denne definisjonen? **Nei**

3. Korleis oppfattar ordføraren og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 5.6, Andre oppdrag: «Under synfaringar som blir pålagt av utvalget, rådmannen eller ordførar eller ved deltaking på kurs, seminar eller andre representasjonsoppgåver som blir haldne av andre og godkjent av ordførar/rådmann vert det refundert tapt arbeidsforteneste». Kjem varaordføraren inn under denne regelen? **Nei**

4. Kven har pålagt varaordføraren dei oppgåver i perioden som har utløyst hennar krav om tapt arbeidsforteneste og kva har blitt avtalt eller sagt om slike refusjonar til henne? **Det er ikkje gitt noko pålegg. I startfasen i perioden var ordførar ny og usikker på kva rolla inneber og var sjølv sagt innstilt på eit godt samarbeid med varaordførar. Eg levde da og i den tru at varaordførar skulle ha tapt arbeidsforteneste. Varaordførar har difor fått utbetalt tapt arbeidsforteneste for perioden november 2019-februar 2019. Ved gjennomgang av regelverket ser eg no at dette har vore tolka feil og at godtgjeringa er 12% av ordførars godtgjersle inkl. all møteverksemd**

5. Kvifor er kommunen sin advokat blitt kontakta for å kome med ei fråsegn om tolking av reglementet, når kommunedirektør meiner reglementet er tydeleg på at varaordførar ikkje skal ha refundert tapt arbeidsforteneste?

6. Kvifor har kommunen utbetalt kr 30 000 til varaordførar i tapt arbeidsforteneste når ein meiner at ho ikkje har krav på dette?

7. Når eit vedtak skal tolkast, bør ein gå til det organet som har fatta vedtaket hvis vedtaket ikkje er tydeleg. Kommunedirektøren meiner vedtaket er tydeleg, men vel å kontakte advokat.

Kvifor er ikkje vedtaksorganet (kommunestyret) blitt involvert i denne saka?

8. Vil forslag til forskrifter om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune, som vart handsama i kommunestyret 02.04.2020, ta høgde for og klårgjere området som er omtala i punkta ovanfor? **Det er fritt fram og sende inn forslag i høyringsprosessen fram til 15.05.2020 og saka vil bli handsama og vedteke i kommunestyret 18.06.2020**

9.

10. Kva kan kommunen lære av det som har skjedd i denne saka?

**At det er viktig at det er det avgåande kommunestyret som vedtek godtgjersla for det neste kommunestyret slik det har vore gjort så langt, nettopp for å unngå at vi havnar i ein slik situasjon der det blir personleg og relatert mot enkeltpersonar.**

Aukra 30.04.20

Odd Jørgen Nilssen

Ordførar i Aukra

## Vedlegg til pkt. 6:

**Kommunedirektør sitt notat/arbeidsdokument før møte med Kontrollutvalet 30.4.**  
(mine svar er merka med rødt, det eg ikkje skal svare på er merka grønt...)

**(Hugs: Ein kommentar vedr. om møtet er etter kommunelova sitt kapittel 11 og §11-1, gjeld dei reglane for dette møtet? – hugs å spørje kontrollutvalsleiar og møtesekretær om dette!)**

1. Korleis oppfattar ordførar og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 2.6, Godtgjersle til varaordførar: «Godtgjersle til varaordføraren bli 12 % av ordførars godtgjersle i budsjettåret. Dette omfattar all møteverksemd». Kva ligg i begrepet ALL møteverksemd?
  - Svar: i dette ligg det ALL møteverksemd – verken meir eller mindre.
2. Korleis oppfattar ordføraren og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 5, Tap av arbeidsforteneste: «Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste blir betalt til representantar i kommunale utval, styre og råd som nemnd under gruppe A og B». Inngår varaordføraren i denne definisjonen?
  - Svar: nei varaordførar er omtala under punkt 2.6. so dette punktet gjeld ikkje vo. Kap. 5 gjeld berre dei som er nemnd under kap. 3. (a) og kapl 4 (b). Dvs dette gjeld ikkje ordførar og Varaordførar som har sitt kap. 2
3. Korleis oppfattar ordføraren og kommunedirektør teksta i reglementet pkt. 5.6, Andre oppdrag: «Under synfaringar som blir pålagt av utvalget, rådmannen eller ordførar eller ved deltaking på kurs, seminar eller andre representasjonsoppgåver som blir haldne av andre og godkjent av ordførar/rådmann vert det refundert tapt arbeidsforteneste». Kjem varaordføraren inn under denne regelen?
  - Svar: Viser til same svar som under spørsmål 2.
4. Kven har pålagt varaordføraren dei oppgåver i perioden som har utløyst hennar krav om tapt arbeidsforteneste og kva har blitt avtalt eller sagt om slike refusjonar til henne?
  - Svarast ut av ordførar
5. Kvifor er kommunen sin advokat blitt kontakta for å kome med ei fråsegn om tolking av reglementet, når kommunedirektør meiner reglementet er tydeleg på at varaordførar ikkje skal ha refundert tapt arbeidsforteneste?
  - Svar: Når det gjeld dette so vil eg vise til forvaltningslova § 17 om at ei sak skal vere so godt opplyst som mogleg. Det er sjølv sagt at kommuneadvokat eller annan advokat vert kontakta om kommunedirektør har juridiske spørsmål å kvalitetssikre. Dette gjeld i alle typar saker – kommunedirektør reknar med at kommunestyret har ei forståing for at ein skal kvalitetssikre alle saker før avgjerd vert gjort?
  - Om kontrollutvalsleiar er av ei anna oppfatning ber eg om at dette blir gjort kjent for politikarar og for administrasjon.
6. Kvifor har kommunen utbetalt kr 30 000 til varaordførar i tapt arbeidsforteneste når ein meiner at ho ikkje har krav på dette?
  - Her har administrasjonen gjort ein feil. Det vart tydeleg då kommunedirektør las grundig gjennom reglementet – det beklagar eg. Om nokon av mine tilsette gjer ein feil, er det mitt ansvar. Eg går ut ifrå at det er forståing for at om ein gjer ein feil, so skal ein ikkje fortsette å gjere den feilen når ein er merksam på den.
7. Når eit vedtak skal tolkast, bør ein gå til det organet som har fatta vedtaket hvis vedtaket ikkje er tydeleg. Kommunedirektøren meiner vedtaket er tydeleg, men vel å kontakte advokat. Kvifor er ikkje vedtaksorganet (kommunestyret) blitt involvert i denne saka?



- Vedtaket er tydeleg, reglementet er tydeleg. Det er administrasjonen som har tolka dette feil. Sjå og svar frå advokat Sverre Larhammer som alle her er gjort kjent med. Det er sjølvsagt for ein kommunedirektør å nytte rådgjevarar i alle saker der det er nødvendig. I denne saka såg eg det som heilt sjølvsagt – og nødvendig å få kvalitetssikre mi avgjerd.
  - Kommunestyret kan ta stilling til om adv. Larhammer og kommunedirektøren har tolka reglementet feil
  - ( i Innleiing i avsnitt 2 i reglementet står det at dette skal reviderast kvar 4. år før nytt kommunestyre vert valt.)
8. Vil forslag til forskrifter om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder i Aukra kommune, som vart handsama i kommunestyret 02.04.2020, ta høgde for og klårgjere området som er omtala i punkta ovanfor?
- Denne er sendt ut til høyring. Administrasjonen har laga eit forslag der same ordlyd om «all møteverksemd» er tatt med. Om politikarane eller andre som skal gje sin uttale vil ha ein annan ordlyd vil nok det kome i høyringsuttalen.
9. Kva kan kommunen lære av det som har skjedd i denne saka?
- Frå administrasjonen si side er det heilt klart at lærdom er å gå tydeleg gjennom dei retningslinene som her gjeld og ha dette som eit viktig punkt i politikaropplæringa.
  - Her ser ein at ein aldri har for grundig opplæring i slike saker når både administrasjon og politikarar tolkar ting feil, me må planlegge godt når me skal ha opplæring både internt og til politisk nivå.
  - Kvalitetssikre prosessane i internopplæringa slik at vi ikkje kjem i skade for å betale ut feil fleire gonger.